

# BEREKRAFTSRAPPORT 2024



Ørskog  
Sparebank

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| Året som gjekk .....   | 2  |
| Banken si historie .....   | 3  |
| Visjon og kundeløfte.....  | 5  |
| Verdistyrt kultur .....  | 6  |
| Banken sin strategi for berekraft .....                                  | 9  |
| Banken sin strategi for 2024 – 2026.....                                 | 10 |
| Vegkart for grøn konkurransekraft i finansnæringa – Finans Norge.....    | 11 |
| Påverknadsanalyse Eika.....  | 13 |
| Gjennomføring av analysen.....   | 14 |
| FN sine berekraftsmål.....   | 17 |
| Berekraftsmål nr. 5 Likestilling mellom kjønna .....                     | 18 |
| Berekraftsmål nr. 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst .....            | 19 |
| Berekraftsmål nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn .....             | 20 |
| Berekraftsmål nr. 12 Ansvarleg forbruk og produksjon .....               | 21 |
| Berekraftsmål nr. 13 Stoppe klimaendringane.....                         | 22 |
| Berekraftsmål nr. 17 Samarbeid for å nå måla .....                       | 23 |
| Mål innan samfunnsansvar .....   | 24 |
| Miljøfyrtårn .....   | 24 |
| Banken sitt eige klimaavtrykk .....                                      | 31 |
| Ansvarleg arbeidsgivar.....  | 31 |
| Etiske retningslinjer.....   | 31 |
| Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold .....              | 32 |
| Arbeidsgivars aktivitets- og redegjerelsesplikt .....                    | 32 |
| Redegjerelse for aktsomheitsvurderingar etter openheitslova.....         | 34 |
| Retningslinjer for samfunnsansvar og berekraft .....                     | 34 |
| Banken sine tilsette.....  | 35 |
| Verdiskaping .....   | 36 |
| Sponsing og gåvemidlar.....  | 38 |
| Grøne produkt .....  | 45 |
| Grønt bustadlån.....   | 45 |
| Grønt billån .....   | 45 |
| Grønt obligasjonslån .....   | 45 |
| Grønt energilån.....   | 46 |
| Arbeid mot økonomisk kriminalitet .....                                  | 46 |
| Banken sitt arbeid med antikvitvask og anna økonomisk kriminalitet ..... | 46 |
| Innkjøp.....   | 49 |
| Avslutning.....  | 50 |

## Året som gjekk

### Banksjefen si innleiing

Berekraft er noko vi alle må forholde oss til, enten vi driv bank eller skal styre hushaldet heime som forbrukarar. Tidlegare såg ein kanskje at miljøstandpunkt kom i konflikt med kostnader, og det vart ein kamp der miljøtiltaka ofte tapte. No er problemstillinga motsett. Om vi ikkje er ansvarlege også i berekraftsamanheng, vil det vere negativt for banken si inntening.



I Ørskog Sparebank tenker vi på mykje meir enn klima når vi snakkar om berekraft. Vi har eit aktivt forhold til forkortelsen ESG:

- Environmental (klima og miljø)
- Social (sosiale førehald og samfunnsansvar)
- Governance (eigar- og selskapsstyring)

Sparebanknæringa har drevet med berekraft i lang tid, og det er ei tradisjon som er tufta djupt i vår kulturarv. Særskilt bokstaven S er ein viktig del av vårt DNA. Tilbake på 1890-talet delte banken si første gåve; då fekk alle konfirmantane i Ørskog utdelt salmebøker som banken betalte for. Gåver har vi haldt fram med å dele ut sidan, og det er ein viktig del av banken sitt samfunnsansvar.

Finansnæringa er ein sterkt regulert bransje, og banken må følgje strenge reglar innanfor antikvitvask og terrorfinansiering. Bankar har i tillegg ei rekke ulike plikter knytt til lov og forskrift om korleis ein skal drive verksemda, og det er omfattande dokumentasjonskrav til etterleving av føresegnene. Bokstaven G er difor eit område vi har jobba mykje med dei siste tiåra.

Eika Kapitalforvaltning AS forvaltar banken sin overskotslikviditet og kundane sine sparepengar. I rapporten vil du kunne finne meir informasjon om prinsippa midlane blir forvalta under. Vi vil fortelje om grøne bustadlån til miljøvenlege bygg, korleis vi tenkjer berekraft som innkjøpar og korleis vi tek omsyn til pliktene vi har som arbeidsgjevar ovanfor dei tilsette.

Bokstaven E i ESG (klima og miljø) er det området innanfor berekraft der vi har størst potensiale for å bli flinkare. Vi har difor gjennomført Miljøfyrtårnsertifisering for å auke kompetansen og bevisstheit frå alle tilsette. Vi har i 2024 jobba med kompetanseheving og produktutvikling for å bli enda betre rådgjevarar innanfor området, og ønsker å bli opplevd som ein god sparringspartner for kundane også når det kjem til energisparande tiltak og klimavenlege bygningar. Vi jobbar difor målretta for å bli litt flinkare kvar dag.

Eirik Kavli

Banksjef Ørskog Sparebank



## Banken si historie

---

Ørskog Sparebank er ein sjølvstendig og solid sparebank med ein forretningskapital på ca. 4,7 mrd. og 25 tilsette per 31.12.2024. Banken er lokalisert i Sjøholt sentrum i Ålesund kommune og har i tillegg eit rådgjevingskontor ved Moa.

I 1855 utarbeidde Rasmus Storvik, Ole Sollied og Bendik Skarbø ein plan for å stifte Ørskog Sparebank, og i 1857 vart det lokale kornmagasinet konvertert til startkapitalen i banken. Ørskog Sparebank er ein tradisjonsrik og tradisjonell sparebank, der grunnpilarar som nøkternheit, samfunnsansvar og eit engasjement for lokalsamfunnet står støtt.



Bilde av Gamlebanken. Her heldt banken til i perioden 1897 - 1957.  
Copyright: Gamlebankens Venner Ørskog

Der banken i gamle dagar var ein bank berre for dei som var fødde og oppvaksne i Ørskog, har no Ørskog Sparebank eit solid fotfeste på Sunnmøre og delar av Romsdal. Med eit rådgjevingskontor på Moa er banken til stades for kundane også utanfor dei gamle kommunegrensene til Ørskog.

Gjennom både verdskrigar, finanskriser og pandemiar har Ørskog Sparebank stått stødig. Og gjennom snart 170 år med samfunnsutvikling har banken utvikla seg, blitt standardisert, digitalisert og er no den største kompetansearbeidsplassen på Sjøholt.

Banken er ein av aksjonærene i Eika-Gruppen AS. Gjennom dette samarbeidet tilbyr vi eit breitt spekter av finansielle produkt, inkludert livs- og skadeforsikring, fondsprodukt og leasing. Som eigar i denne alliansen kan vi tilby gode tenester til konkurransedyktige prisar.

I samarbeid med kundane forsøker vi å utnytte våre smådriftsfordeler:

- Nærleik til kunden
- Tilgjengelegheit
- Personleg oppfølging
- Fleksibilitet

Vi er organisert som ei sjølveigande stifting, noko som betyr at ingen eig den formue som Ørskog Sparebank representerer. Banken har ikkje utstedt eigenkapitalbevis, og eigenkapitalen er bygd opp gjennom snart 170 år med overskot. Det er bygdefolket og kundane i fellesskap som har eigeomsrett til banken og det er også denne grupperinga som har styring med banken.

Forstandarskapet, som er det øvste organet i banken, består av 12 representantar valde av innskytarane, og 4 representantar valde blant dei tilsette.

Forstandarskapet vel styret, som har ansvaret for å leie banken i samsvar med lover, vedtekter og andre forskrifter gitt av forstandarskapet eller Finanstilsynet. Styret består av 6 medlemmer, og ein av desse er vald av dei tilsette.

#### Høgdepunkt i historia:

- **1855:** Planane om å starte sparebank i Ørskog vart sett i gang
- **1857:** Banken vart stifta
- **1871:** Dei første gåvemidlane blir delt ut; 20 salmebøker til kyrkjelyden
- **1897:** Flytta inn i gamlebanken på Steinholt
- **1956:** Kontor saman med Ørskog kommune på rådhuset i sentrum
- **1990:** Banken flyttar inn i eige administrasjonsbygg i Sjøholt sentrum
- **1997:** Ørskog Sparebank blir ein del av Terra-gruppa
- **2016:** Børsnoterte obligasjonslån
- **2020:** Etablert første avdelingskontor utanfor Ørskog
- **2023:** Ørskog Sparebank blir miljøfyrtårnsertifisert



Kasserer og bokhaldar Håkon Daltveit, revisorane Ole Reite og Jan Lande, kasserer John Sollied fotografert i banken mot slutten av 1950-åra.

## Visjon og kundeløfte

---

«Med nærleik og god rådgjeving skaper vi verdier for ei betre framtid» er banken sin visjon.

Dette definerer kven banken er og kva vi strekkjer oss etter. Vi skal vere tett på kundane, om det så er via mobilbanken, ein FaceTime-samtale eller over ein kopp kaffi i banken. Vi lever av å gje gode råd, og har forplikta oss til å drive i tråd med finansnæringa sine reglar for god skikk. Vi set kundane sine interesser og behov i første rekke. Vi er ein sjølveigande stiftelse utan privat kapital, og er difor avhengige av å vere lønsame nok til å bygge eigenkapital frå årlege overskot til å kunne vekse vidare. Med denne veksten kan vi finansiere dine born og barneborn sine bustader og prosjekt i åra framover. Vi erkjenner også at vi har ei viktig rolle for å bidra til ei betre verd med lågare klimagassutslepp framover. Gjennom gunstige grønne bustadlån og andre miljøvennlege løysingar skal vi jobbe for at lokalsamfunnet vårt består også inn i framtida.




«Tid til deg» er banken sitt kundeløfte og representerer viktige prinsipp; nærleik til kunden, tilgjengelegheit, personleg oppfølging og fleksibilitet. Vi har etter beste evne forsøkt å skape ei verksemd som set kunden i fokus i alle ledd og tilpassa vår organisering, rutinar og arbeidskvardag i tråd med det kunden ønskjer. I 2024 målte vi at det i gjennomsnitt tok 26 sekund før vi tok telefonen når nokon ringde oss, og vi ser av tilfredsheitsmålingar at kundane som har hatt møter med oss er gjennomgåande svært nøgde.

## Verdistyrt kultur

**For oss er kvar enkelt kunde viktig.** Vi ønskjer å følgje kundane våre heile livet og vere ein støttespelar for små og store økonomiske val. Vi hjelper til med å realisere kundane sine planar og mål. Våre dyktige rådgjevarar har lokalkunnskap og tilbyr personleg økonomisk rådgjeving.



**Vi skal vere ein bank du kan stole på - både i dag og i framtida!**



Å drive ein sparebank inneber å vere underlagt strenge konsesjonsvilkår, som sikrar at banken opererer innanfor lovpålagde rammer og standardar. Banken si drift er basert på ein kapitalbase som høyrer til lokalsamfunnet, noko som understrekar viktigheita av å forvalte ressursane på ein ansvarleg måte.

Tilliten frå banken sine interessegrupper, inkludert kundar, tilsette og lokalsamfunnet, er avgjerande for at banken skal kunne oppretthalde sin posisjon og vekse. Denne tilliten er bygd på at banken blir drive på ein skikkeleg og reieleg måte, noko som krev ein verdistyrt kultur som grunnlag for alle aktivitetar banken utfører.

Gjennom fleire år har både styret og dei tilsette vore engasjerte i å vidareutvikle denne kulturen, med mål om å sikre at bankkonsesjonen blir oppretthalde og at kapitalen i banken kan vekse.





Ein verdistyrte kultur som er forankra i alle ledd av organisasjonen, sikrar at banken si åtferd blir styrt av desse kjerneverdiane:

- ✓ Stolt
- ✓ Engasjert
- ✓ Til stede

«Engasjert» Vi er engasjerte i deg som kunde, lokalmiljøet vårt og i kvarandre.

Vi likar å sjå på banken som ein lagbyggjar og mogleggjerer som bidreg til å styrkje verdiskapinga i lokalmiljøet gjennom engasjement i frivillige aktivitetar, som støttespelar til næringslivet og ein rådgjevar til deg som kunde. Kvar og ein av oss er lagspelarar som blir drivne av å finne dei rette løysingane. Vi er ein «folkeleg bank» med engasjerte tilsette som er lett å like – ein bank for deg og dine.





«Til stede» Vi er opptekne av å vere ein personleg bank som opplevast som nær, kompetent og jordnær. Ein bank med lokal forankring som bidreg til verdiskaping, og der dei tilsette bryr seg om kvarandre, lokalmiljøet og kundane. Vi møter kvarandre og kunden med eit smil, med interesse og omsorg. Tillit er viktig for oss, og det meiner vi oppnår best gjennom å vere tett på, lytte og vere ekte. Vi er opptekne av å vere ein bank som er til stades for deg for å skape verdiar for ei betre framtid.



«Stolt» Gjennom snart 170 år er vi stolte over å ha bidrege til lokal verdiskaping gjennom god rådgjeving. Vi står støtt som ein sjølvstendig bank fordi vi er dyktige i det vi gjer og fordi vi gjer det med varme og omtanke for kundane. Vi er opptekne av integritet og har ein yrkesstoltheit i det å utøve godt bankhandverk. Vi meiner at vår evne til å sjå heilskapen gjer oss til ein god rådgjevar og støttespelar som gir verdi for kunden i alle livets fasar. Gjennom å utøve vårt samfunnsansvar – og gjennom å vere ein god rådgjevar for kunden, jobbar vi for at ein skal vere stolt av å vere kunde i Ørskog Sparebank.



## Banken sin strategi for berekraft

Banken sin visjon lyder: «Med nærleik og god rådgjeving skapar vi verdiar for ei betre framtid». Relatert til emnet berekraft betyr det at banken gjennom sin aktivitet og rådgjeving som finn stad i kundemøte søkjer å påverke åtferd:

- Motivere kundane til å gjere berekraftige kapitalinvesteringar
- Investere i kompetanseheving, og gje tilsette ein trygg og god arbeidsplass
- Gje gåver til lokalsamfunnet
- Innrette banken slik at vi bidreg til å bekjempe kvitvasking, skatteunndraging m.m.
- Ha ei god forretningsstyring som opprettheld bankkonsesjonen
- Vi finansierer prosjekt som bidreg til lågare klimaavtrykk, og det betyr òg at vi skal vekse lønsamt og utan for stor risiko, som kan kome framtidige generasjonar til gode

Vi omtaler gjerne berekraft med forkortelsen **ESG**

**E**nvironmental (Klima og miljø)

**S**ocial (Sosiale førehald og samfunnsansvar)

**G**overnance (Eigarstyring og selskapsstyring)



Banken har eit ansvar for å unngå å medverke til miljøødeleggingar, korrupsjon eller brot på grunnleggjande menneske- og arbeidstakarrettar. For banken handlar samfunnsansvar særleg om å ivareta desse omsyna i investeringar og i yting av lån og kredittar, og å ta omsyn til ESG i utvikling av produkt og tenester, rådgjeving og sal, investerings- og kredittavgjerder, samt produksjon og drift. Ein viktig del av samfunnsansvaret og berekraftarbeidet vil difor vere å kartleggje, forstå og ta ansvar for den direkte og indirekte påverknaden banken står for.

Styret spelar ei avgjerande rolle for integrering av ESG i banken sin strategi. Styret skal sikre at samfunnsansvar og berekraft blir ein del av banken sin forretningsstrategi, organisasjonskultur, verdiar og driftspraksis på ein måte som understøttar banken si langsiktige lønsemd og levedyktigheit. Styret skal vere førande for å definere banken sine ESG-premissar og -målsetjingar, samt å etablere styringsmekanismar for å handtere desse faktorene på alle nivå i organisasjonen.

Styret skal mellom anna:

- Identifisere dei viktigaste berekrafttema der banken har påverknad på omverda, samt banken sine berekraftrelaterte risikoar og moglegheiter (dobbel vesentligheit)
- Setje tydelege mål for korleis banken skal
  - redusere negativ påverknad på samfunn og miljø
  - prioritere tenester og produkt som har positiv påverknad
  - redusere berekraftrelaterte risikoar og fremje berekraftrelaterte moglegheiter
- Følgje opp implementeringa av banken sine tiltak, og forutsetje jamleg rapportering frå leiinga over kva resultat banken kan sjå av eige berekraftsarbeid
- Sikre at banken rapporterer eksternt i samsvar med gjeldande regelverk

## Banken sin strategi for 2024 – 2026



### Klima og miljø

- Gjennom gavemidler, sponsorat og utlån motivere kundemassen til å redusere klimautslipp og redusere energiforbruk.
- Støtte opp om lokale tiltak for søppelrydding m.m.
- Ivareta miljøfyrtårnsertifisering
- Øke andelen grønne boliglån
- Utvikle et grønt omstillingslån som motiverer kundene til å foreta energibesparende oppussingsprosjekter
- Gjennomføre ytterligere energieffektivisering i eget bygg



### Sosiale forhold

- Aktiv bidragsyter med sponsormidler og gavemidler for tiltak som øker bolysten i lokalsamfunnet
- God HMS, innføre AMU og legge til rette for kompetanseutvikling og interne utviklingsprosjekter
- Tilrettelegge for mangfold og inkludering der det er aktuelt og relevant
- Videreutvikle bankparken som et samlingspunkt og et positivt innslag i bygdemiljøet
- Aktiv bidragsyter til utvikling av bygdemuseum på Sjøholt Næringsbygg AS



### Ansvarlig og etisk forretningsstyring

- AHV området skal være tett integrert i alle ledd av virksomheten
- Opprettholde et sterkt personvern og være compliant overfor GDPR regelverket
- Korrekt og presis rapportering av CRS/Facta forpliktelsene
- Ansvarlig innkjøper som handler lokalt.
- Ivareta bankens omdømme gjennom compliant drift og god risikostyring
- Loggføring av hendelser for kontinuerlig å forbedre driften, unngå nye feil og redusere tap.

## ESG RISIKO

ESG-risiko i banksektoren omfattar fleire dimensjonar som kan påverke både den økonomiske stabiliteten og omdømmet til ein bank.

Miljørisiko inkluderer utfordringar knytt til klimaendringar, som kan føre til økonomiske tap gjennom naturkatastrofar eller overgang til ein grøn økonomi. Dette kan påverke verdien av eigedomar og investeringar, og dermed banken sin balanse.

Sosiale risikoar omfattar faktorar som arbeidsførehold, menneskerettar og samfunnsansvar. Ein bank som ikkje tek omsyn til desse faktorene, kan møte motstand frå kundar og investorar, noko som kan skade omdømmet og føre til økonomiske tap.

Styringsrisikoar handlar om korleis banken vert styrt og leia. Dette inkluderer alt frå etiske retningslinjer til korleis risikoar vert handterte. Dårlig styring kan føre til økonomiske tap, rettslege utfordringar og skade på omdømmet. Til dømes kan manglande transparens eller korrupsjon føre til tap av tillit frå kundar og investorar.

Samla sett er ESG-risikoar komplekse og krev ei heilskapleg tilnærming for å sikre at banken ikkje berre er økonomisk berekraftig, men også sosialt og miljømessig ansvarleg. Dette inneber å integrere ESG-faktorar i alle delar av banken si verksemd, frå risikostyring til investeringsbeslutningar.


Det er først og fremst relatert til utlån til bedriftsmarknaden at det er identifisert klimarisiko. Dette er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko frå dagens situasjon til eit samfunn med mindre utslepp av klimagassar. Derfor er vurdering av berekraft og klimarisiko innlemma i banken sin kredittprosess. Banken er lite eksponert mot olje og gassnæringa, men næringsseigedom, bygg og anlegg, samt landbruk er dei sektorane som har mest

klumarisiko i banken si portefølje. Samstundes er det moglegheiter for positiv innverknad frå banken sine rådgjevarar i desse bransjane.

Banken gjer årlege vurderingar av kvar einiskild bedriftskunde der ESG og klumarisiko inngår.

Skal vi sikre at landet vårt framleis er ein god stad å bu i framtida, må vi ha økonomisk tryggleik og arbeidsplassar. Vi må behandle kvarandre bra og unngå store klimaendringar og naturøydeleggingar.

## Vegkart for grøn konkurransekraft i finansnæringa – Finans Norge



[www.finansnorge.no](http://www.finansnorge.no)

Vegkart for grøn konkurransekraft i finansnæringa er eit strategisk dokument utarbeidd av Finans Norge i samarbeid med ulike aktørar i finanssektoren. Målet er å styrke finansnæringas rolle i overgangen til eit berekraftig samfunn og sikre konkurransekraft i ei grøn framtid.



Vegkartet vart lansert i juni 2018 og legg fram ein visjon for ei lønsam og berekraftig finansnæring innan 2030. Det byggjer på premisser om at finansnæringa har ei nøkkelrolle i å redusere klimagassutslepp og fremje berekraftige investeringar.

Det er viktig å utvikle og ta i bruk eit felles rammeverk for berekraftig finans for å sikre at alle aktørar opererer med same forståing av berekraft. Vidare må klimarapportering tilpassast anbefalingane frå The Financial Stability Board (FSB) som oppretta the Task Force on Climate-related Financial Disclosures (TCFD) for å sikre openheit og ansvarlegheit. Det er også naudsynt å bygge opp kompetanse og kapasitet innan klima og berekraft i finansnæringa, samt integrere klimarisiko i Finanstilsynets oppdrag for å sikre at finansinstitusjonar tek omsyn til klimarisiko i sine vurderingar.

Eit anna viktig aspekt er å forsterke samarbeidet mellom finansnæringa og offentlege verkemiddel for å fremje grøne investeringar. Digitalisering kan nyttast for å skalere marknaden for klimasmarte løysingar, og finansnæringa kan bidra til innovasjon og omstilling i andre næringar gjennom finansiering og rådgjeving.

For å sikre at tilrådingane vert følgde opp, legg vegkartet vekt på kontinuerleg dialog og samarbeid mellom finansnæringa, myndigheiter og andre relevante aktørar. Det er også viktig med regelmessig rapportering og evaluering av framdrift for å justere kursen ved behov.

Dette vegkartet er eit viktig verktøy for å sikre at finansnæringa kan bidra aktivt til ei berekraftig framtid, samtidig som ein opprettheld konkurransekraft og lønsemd.

### Viktige mål på vegen fram mot 2030:



[www.finansnorge.no](http://www.finansnorge.no)

### Finansnæringa

Den enkelte aktør kan bruke vegkartet for å bidra til omstilling mot 2030. Kvar bank, skadeforsikringsføretak og investerings-, pensjons- og kapitalforvaltningsføretak har ulikt utgangspunkt, kompetanse og ressursar for å jobbe med klima. Difor er det viktig at kvar enkelt aktør vurderer kvar innsatsen må rettast, og utformar ein handlingsplan fram mot

2030. Denne må beskrive tiltak som skal gjennomførast når, av kven, kva ressursar og kompetanse som trengst, i tillegg til aktuelle samarbeid med andre aktørar i og utanfor næringa. Kvar enkelt aktør bør rapportere på framgang.

### Myndigheitene

Myndigheitene må tilpasse rammevilkåra slik at desse fremjar omstilling i finansnæringa. Dei fleste anbefalingane skal gjennomførast i og av finansnæringa sjølv. Samstundes er det viktig at myndigheitene legg godt til rette. Nye rapporteringskrav i tråd med anbefalingane frå TCFD, nye mekanismar for offentleg og privat samarbeid for å utløyse meir privat kapital, Finanstilsynets rolle i overvaking av klimarisiko, og klimakompetanse inn i utdanningar og FoU er alle område der arbeidet kan starte raskt.

### Finans Norge

Finans Norge vil spele ei aktiv rolle for å samle norsk finansnæring om ambisjonane i vegkartet. Det vil innebere å ta initiativ til nærings- og bransjesamarbeid, dialog og samarbeid med myndigheitene og andre interessentar. Finans Norge vil også jobbe for at norske ønskjer og behov blir høyrde i EUs prosessar på berekraftig finans, til dømes i EUs arbeidsgruppe om felles begrepsrammeverk. Det er også viktig at finansnæringsaktørar blir følgde opp i arbeidet med vegkartet, og at Finans Norge tar initiativ til periodiske statussjekkar i åra fram mot 2030.

## Påverknadsanalyse Eika

---

FNs prinsipp for berekraftig bankdrift (UNEP FI – United Nations Environmental Programme Finance Initiative) består av følgende prinsipp:

#### 1. Tilpassing

Banken vil innrette vår forretningsstrategi for å vere konsistent med og bidra til den enkelte sitt behov og samfunnet sitt mål, som uttrykt i berekraftsmåla, klimaavtalen frå Paris og relevante nasjonale og regionale rammer.

#### 2. Påverking og målsetting

Banken vil kontinuerleg auke vår positive påverking på kundane samtidig som vi reduserer den negative påverkinga, og handterer risikoen for menneske og miljø som følge av våre aktivitetar, produkt og tenester. For dette formål vil vi sette og publisere mål der det kan ha størst effekt.

#### 3. Kundar

Banken vil jobbe ansvarleg med våre kundar for å oppmuntre til berekraftig praksis og mogleggjere økonomiske aktivitetar som skaper velstand for noverande og framtidige generasjonar.

#### 4. Interessentar

Banken vil proaktivt og ansvarleg konsultere, engasjere og samarbeide med relevante interessentar for å nå samfunnets mål.

#### 5. Styring og kultur

Banken vil implementere vår forplikning til disse prinsippa gjennom effektiv styring og en kultur for ansvarleg bankverksemd.

#### 6. Openheit og ansvarlegheit

Banken vil med jamleg gjennomgå vår individuelle og kollektive implementering av desse prinsippa og være transparente og ansvarlege for våre positive og negative påverkingar og vårt bidrag til samfunnets mål.

Formålet med desse prinsippa er å sjå til at banksektoren skal vere ein pådrivar for å oppnå FNs berekraftsmål og Parisavtalen.

**Eika Gruppen** sitt arbeid med berekraft er tredelt:

- Dei skal sikre alliansebankane og understøtte deira berekraftsarbeid i eigen kjerneverksemd
- Dei skal sikre berekraft i eigne produkt og forretningsmodell
- Dei skal sikre berekraft i eige hus

Eika Gruppen har signert Prinsipp for berekraftig bankdrift, og har fram til og med 2024 valt å utføre påverknadsanalysen på vegne av alliansen.

## Gjennomføring av analysen

Analysen inneheld fem steg

### Steg 1: Bankkartografi

Analysa startar med å hente inn data frå verksemda, med skilje mellom privatmarknad og bedriftsmarknad og eventuelle ulike land som verksemda opererer i.

For privatmarknad er det analysert kva produkt kundane har i banken og estimat for korleis kundane fordele seg mellom lav, medium, høg og uspesifisert inntekt. Dette er basert på blant anna tall frå SSB. Kartlegginga for bedriftsmarknaden oppgjer kva som er dei ti største sektorane på utlån.

### Steg 2: Noregs berekraftsparameter

Innsikta frå steg 1 skal settast saman med dei påverknadsområda i Norge kor behovet er størst. Analysa tek utgangspunkt i Country Needs, basert på UNEP FI Impact Radar. Verktøyet har 22 berekraftsparameter (påverknadsområder), som skal avgjere kva område som er kritiske i norsk kontekst.

- **Kvalitet og effektiv bruk av ressursar:** Norge har eit høgt energi- og materialkonsum per innbyggjar. I tillegg har vi eit stort forbruk av ferskvatn.
- **Kvalitet og effektiv bruk av avfall:** Kvar innbyggjar genererer mellom 1-1,49 kg avfall dagleg, men når det gjeld resirkulering ligg vi under den kritiske grensa.
- **Kvalitet og effektiv bruk av klima:** Vi har høgt utslepp av CO2 per innbyggjar, men har lav klimarisiko. Vi er derfor blant dei landa som vil bli minst påverka av klimaendringane.
- **Tilgang og kvalitet på bustad:** Vi har lite utfordringar med slum og heimlause i Norge. Vi har overkommelege bustadprisar, men innbyggjarane med lav inntekt bor ofte trongt.
- **Tilgang og kvalitet på mat:** Vi har trygg matsikkerheit i Norge og lite underernæring, men noko risiko knytt til ernæring og fedme.

### Steg 3: Vår påverking

Innsikta frå steg 1 og 2 skal settast saman til ei oversikt over verksemdas potensielle påverknad på privat- og bedriftsmarknaden.

For privatmarknaden vil sysselsetting, inkluderande sunne økonomiar, bustad, helse/sanitær og rettferd trekkast fram som potensiell positiv effekt. Når det gjeld potensiell negativ effekt, vil særleg inkluderande sunne økonomiar, sysselsetting, avfall, økonomisk konvergens og bustad trekkast fram.

For bedriftsmarknaden vil sysselsetting, inkluderande sunne økonomiar, helse/sanitær, bustad og kultur og arv trekkast fram som potensiell positiv effekt. Når det gjeld potensiell negativ effekt, vil særleg avfall, sysselsetting, klima, ressurseffektivitet og jord trekkast fram.

### Steg 4: Eigen prestasjon

Relevante indikatorar og mål for dei vesentlege berekraftsparametrane blir vurdert i steg 4, i tillegg til å bedømme tilgjengelegheita av relevant datamateriale. Resultatet av vurderingane viser kva berekraftsparameter ein bør prioritere vidare.

### Steg 5: Prioriterte berekraftsparametre

Det siste steget i analysen gjer ei oversikt over vår potensielle positive og negative påverking, med prioriterte berekraftsparametre frå alle stega gjennomgått i analysen. Påverkingsområde der banken allereie har god kontroll, som inkluderande sunne økonomiar og sysselsetting, blir ikkje prioritert. Fokuset bør ligge på områder der banken har størst moglegheit for å påverke.



Berekraftsansvarlege i Eika Gruppen har gjennomført analysen, som bygg blant anna på samtalar og gruppearbeid internt i Eika Gruppen, produktselskapa og i tillegg på tvers i alliansen. Funna frå analysen peiker ut tre område der Eika Gruppen legg fokuset framover; ressurseffektivitet, avfall og klima.

- **Ressurseffektivitet**

Effektiv bruk av avgrensa, ikkje-fornybare naturressursar (som ikkje kan gjenvinnast etter utnytting) og fornybare naturressursar (som kan gå tilbake til sine tidlegare lagernivå ved naturlege vekstprosessar eller påfyll) i prosessen med å utnytte naturen til produksjon og forbruksformål.




- **Avfall**

Evne til å handtere avfall, her under kontroll, overvaking og regulering av produksjon, innsamling, transport, behandling og deponering av avfall, og dessutan førebygging av avfallsproduksjon gjennom modifikasjonar i prosessen, gjenbruk og resirkulering i løpet av et prosjekts livssyklus. Dette inkluderer avfallsreduksjon.

- **Klima**

Samansetning av den globale atmosfære og eksponering for klimagassar (Green House Gas/GHG-utslepp) som ein direkte faktor som bidreg til klimaendringar.

**Kva Eika tilbyr innan berekraft for bankane:**



**Felles klimaambisjon i Eika:**

I juni 2024 vedtok bankane i Eika Banksamarbeid ein felles klimaambisjon om netto nullutslepp av klimagassar seinast innan 2050. Eika jobbar kontinuerleg med å betre og gjere tilgjengeleg informasjon, Webinar og verktøy til bruk for bankane.

**Felles klimaambisjon:**  
**Netto nullutslepp av klimagassar seinast innan 2050**

- 1 Hver bank etablerer klimaregnskap med direkte utslipp og vesentlige kategorier for indirekte utslipp for årsregnskapet 2024
- 2 Etablerer ytterligere delmål i tråd med internasjonale og nasjonale forpliktelser, og tiltaksplaner for å nå delmålene innen utgangen av 2025
- 3 Årlig reviderer og oppdaterer klimaregnskap, tiltakspakker og delmål i tråd med oppdatert klimaforskning

## FN sine berekraftsmål

*Ei berekraftig utvikling skal imøtekome dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekkja sine*



Berekraftsmåla til FN er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030, og består av 17 mål og 169 delmål. Desse måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Berekraftsmåla skal gjere noko med årsakene til fattigdom, ulikheit og klimaendringar, og eit av hovudprinsippa er at ingen skal utelatast. Dei mest sårbare menneska må derfor prioriterast.

For banksektoren er desse måla avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling og ansvarleg forvaltning av ressursar.

Som lokalbank spelar vi ei sentral rolle i å fremje økonomisk vekst og stabilitet, og banken kan påverke berekraftig utvikling gjennom investeringar og lånepraksisar. Ved å integrere berekraftsmål i våre strategiar, kan banken bidra til å redusere fattigdom ved å tilby finansielle tenester til underbetente samfunn og støtte små og mellomstore bedrifter som skapar arbeidsplassar og økonomisk vekst i lokalsamfunna.

For å styrke økonomisk sjølvstende og redusere ulikskap i samfunnet, bidreg banken til å fremje likestilling og inkludering ved å sikre at kvinner og minoritetar har tilgang til finansielle tenester og ressursar. Ved å investere i fornybar energi og støtte prosjekt som reduserer karbonutslepp, kan banken spele ei viktig rolle i å fremje grøn energi og miljøvennlege prosjekt.

Samla sett kan banksektoren spele ei avgjerande rolle i å nå FNs berekraftsmål ved å integrere desse måla i sine strategiar og praksisar. Gjennom ansvarleg forvaltning og investeringar kan bankar bidra til å skape ein berekraftig og rettferdig framtid for alle.

## Berekraftsmål nr. 5 Likestilling mellom kjønna

Oppnå likestilling og styrke jenters og kvinners stilling i samfunnet



Verda har blitt meir likestilt dei siste tiåra, med fleire kvinner som deltek i politikk og næringsliv. Likevel er det framleis langt fleire menn enn kvinner i maktposisjonar. For å oppnå full likestilling må ein få slutt på alle former for diskriminering og vald mot jenter og kvinner, inkludert menneskehandel og seksuell utnytting.

Kvinner må sikrast full deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå. Økonomiske ressursar, eigeomsrettar og tilgang til finansielle tenester må vere likestilt, og teknologi må brukast for å styrkje kvinners stilling. Fattigdom er ofte knytt til diskriminerande lovar og sosiale normer som gir kvinner dårlegare økonomi og færre moglegheiter til å bestemme over

eigne liv. Likestilling handlar om ei rettferdig fordeling av makt, innflytelse og ressursar, og å leve eit liv utan vald og diskriminering er ein grunnleggande menneskerett. Politisk, økonomisk og sosial likestilling bidrar til positiv utvikling på alle plan, og det er heilt essensielt for å nå alle FNs bærekraftsmål innan 2030.

**Likestillingssituasjonen i finansnæringa** har forbetra seg på fleire område, men det er framleis utfordringar som må adresserast. Likestillingsindikatorar frå eit samarbeid mellom Finans Norge og Finansforbundet i 2023 syner at delen av kvinnelege leiingar i finansnæringa har auka og lønsskilnadene mellom kvinner og menn har blitt mindre.

Samtidig har kvinneandelen i finansnæringa gått ned frå 52 % i 2000 til 46 % i 2023. Det er òg færre kvinner enn menn som vel teknologi- og IT-studiar, noko som kan påverke tilførselen av ny arbeidskraft. Finansnæringa har behov for mange teknologar, og færre kvinner enn menn har teknologi og IT-studiar som førsteval.

Innan økonomi- og administrasjonsstudiar er det lik kjønnsbalanse, men det er framleis få kvinner som vel finansiering og investering som hovudprofil. Eit stort tal kvinner i finans har vore i kontoryrke utan krav om særleg høgare utdanning, og desse stillingane fell i stor grad bort etter kvart som bedriftene finn digitaliserte løysingar.

Sjølv om det er framgang, går utviklinga sakte, og det er behov for ytterlegare tiltak for å oppnå full likestilling i finansnæringa.

Internt legg banken vekt på å sikre like moglegheiter for alle tilsette, uavhengig av kjønn. Det blir fremja ein inkluderande arbeidskultur der alle tilsette har like rettar og moglegheiter til å utvikle seg og avansere i karriere. Ørskog Sparebank har også tiltak for å sikre at kvinner er representerte i leiande stillingar og på alle nivå i organisasjonen.

Banken er også opptatt av å fremje økonomisk likestilling ved å tilby finansielle tenester og rådgjeving som er tilpassa behova til både kvinner og menn.

## Berekraftsmål nr. 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Fremme varig, inkluderende og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle



Om lag halvparten av verdas befolkning tener så dårleg at dei ikkje kan leve av løna si. Å skape arbeidsplassar av god kvalitet er ei stor utfordring for alle land fram mot 2030. For å utrydde fattigdom og kjempe mot ulikskap i verda, må alle ha jobbar. Dette krev at vi skaper ein rettferdig økonomisk vekst og nye arbeidsplassar.

Det betyr at vi må inkludere dei unge i arbeidsmarknaden, sørge for eit forutsigbart og trygt arbeidsliv, legge til rette for å få fleire kvinner i arbeid og redusere uformelt og svart arbeid. Det er også viktig å auke den økonomiske produktiviteten gjennom diversifisering, teknologisk framgang og innovasjon.

Vidare må vi arbeide for å oppheve koplinga mellom økonomisk vekst og miljøydeleggingar, og sikre full og produktiv sysselsetting og anstendig arbeid for alle kvinner og menn, inkludert ungdom og personar med nedsett funksjonsevne, samt oppnå lik løn for likt arbeid.

Banken har eit sterkt fokus på berekraft og samfunnsansvar, og arbeider aktivt for å fremje ei berekraftig samfunnsutvikling som ikkje skal gå på kostnad av framtidige generasjonar. Gjennom banken si Miljøfyrtårn-sertifisering oppfyller banken strenge krav til avfallshandtering, berekraftige innkjøp, miljøvennleg transport, energieffektivisering, HMS og arbeidsmiljø.

Vidare legg banken vekt på å vere ein god rådgivar for kundane sine når det kjem til energisparande tiltak og klimavennlege bygningar. Banken tilbyr også grøne bustadlån til miljøvennlege bygg, noko som fremjar berekraftig økonomisk vekst og skapar arbeidsplassar. Banken bidreg til å sikre at alle samfunnsgrupper har tilgang til finansielle tenester. Banken har for eksempel eigne arrangement om sparing for kvinner, alle 18-åringar blir invitert til eit møte om personleg økonomi og kundefrågjeverar frå banken møter ungdomsskuleelevar for å snakke om temaet økonomi.

Ørskog Sparebank har også eit aktivt forhold til ESG-prinsippa (Environmental, Social, Governance), der banken arbeider for å inkludere sosiale forhold og samfunnsansvar i verksemda vår. Dette inkluderer tiltak for å sikre eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for alle tilsette, samt å fremje likestilling og inkludering i arbeidslivet. Etter Openheitslova sikrar banken ein transparent og ansvarleg praksis både internt og i leverandørkjeda. Ved å implementere strenge tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering, bidreg banken til å oppretthalde integriteten i det finansielle systemet.

Gjennom desse tiltaka bidreg Ørskog Sparebank til å oppnå klimamål nr. 8 ved å fremje berekraftig økonomisk vekst, skape anstendige arbeidsplassar og redusere miljøbelastninga.



## Berekraftsmål nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

---

Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige



Berekraftige byar og lokalsamfunn er eit av FN's berekraftsmål, og målet er å gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge og berekraftige. I dag bur meir enn halvparten av verdas befolkning i byar, og denne delen er venta å auke. Byar fungerer som møteplassar for handel, kultur, innovasjon og sosiale aktivitetar, og på sitt beste sørgjer dei for at menneske kan leve gode liv og utvikle seg økonomisk og sosialt. Samstundes veks mange byar raskare enn tilbodet av arbeidsplassar og bustader, noko som fører til utvikling av slumområde med dårlege buforhold og manglande tenester. Om lag 25 prosent av byane sine innbyggjarar bur i slumområde.

For å skape berekraftige byar må vi sikre grunnleggjande behov som energi, bustader og transport. Det er viktig å ha gode ordningar for handtering av søppel og kloakk, samt tiltak som reduserer forureining og sløsing av ressursar. FN har sett fleire delmål for å oppnå dette innan 2030, inkludert å sikre tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris, betre forholda i slumområde, og sørgje for trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem. Det er også viktig å styrkje inkluderande og berekraftig urbanisering, verne om kultur- og naturarven, og redusere byane sin negative påverknad på miljøet.

Banken har ein strategi for berekraft som inkluderer miljømessige, sosiale og styringsmessige aspekt (ESG). Banken fokuserer på å redusere sitt eige klimaavtrykk og fremje berekraftige praksisar blant kundane sine.

Eit konkret tiltak er at banken tilbyr grøne lån til kundar som ønskjer å investere i miljøvennlege bustader eller energisparande tiltak. Dette bidreg til å redusere energiforbruket og forureininga i lokalsamfunnet. Banken støttar også lokale initiativ og prosjekt som fremjar berekraftig utvikling.

Vidare legg banken vekt på å vere ein ansvarleg arbeidsgjevar og samfunnsaktør. Banken har etiske retningslinjer og retningslinjer for samfunnsansvar som sikrar at banken handlar på ein måte som er til beste for både miljøet og lokalsamfunnet.

## Berekraftsmål nr. 12 Ansvarleg forbruk og produksjon

---

Sikre berekraftig forbruks- og produksjonsmønstre



Berekraftig forbruk og produksjon handlar om å gjere meir med mindre ressursar. I dag forbrukar vi mykje meir enn kva som er berekraftig for kloden. For eksempel går ein tredel av maten som blir produsert vekk, utan å bli ete.

For å sikre gode levekår for noverande og framtidige generasjonar, må kvar enkelt forbrukar endre livsstil. Det inneber å minske ressursbruken, miljøødelegginga og klimautsleppa som eit samfunn og som enkeltperson. På sikt vil dette føre til økonomisk vekst, avgrense klimaendringane og auke livskvaliteten til menneske på jorda.

Banken fokuserer på å fremje berekraftige praksisar både internt og eksternt. Vi tilbyr grøne lån og finansieringsløyser som støttar miljøvenlege prosjekt og investeringar. Dette inkluderer lån til energieffektivisering av bustader og støtte til fornybar energi-prosjekt.

I tillegg arbeider Ørskog Sparebank med å redusere eige miljøavtrykk ved å implementere miljøvenlege tiltak gjennom Miljøfyrtårnsertifisering. Dette inkluderer energieffektivisering av banken sine egne bygg, redusert papirbruk gjennom digitalisering, og oppmuntring til resirkulering.

Banken legg også vekt på å informere og bevisstgjere kundane sine om berekraftige val og praksisar. Gjennom informasjon og rådgjeving bidreg banken til at kundane kan ta meir miljøvenlege val i sin kvardag.

Ved å støtte lokale initiativ og prosjekt som fremjar berekraft, bidreg Ørskog Sparebank til å styrke lokalsamfunnet sitt engasjement for miljøet. Dette inkluderer støtte til lokale miljøprosjekt, samarbeid med skular og organisasjonar for å fremje miljøbevisstheit, og deltaking i lokale miljøarrangement.

## Berekraftsmål nr. 13 Stoppe klimaendringane

Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei. Målet er å avgrense den globale temperaturstigninga til godt under 2 grader celsius



Klimaendringar er ein reell og unekteleg trussel mot heile sivilisasjonen vår. Klimagassutslepp per person går nedover, men endringane til no er ikkje store nok til å nå måla i 2030.

Den globale gjennomsnittstemperaturen har stige omlag 1°C sidan den før-industrielle tida, og havnivået held fram med å stige. Dei fattigaste vert ramma hardest. Land har levert nasjonale planar for å redusere klimagassutslepp, men dei er ikkje omfattande nok.

Klimaendringar er eit globalt spørsmål og kjenner ingen landegrenser. Det er viktig å avgrense aukinga av gjennomsnittstemperaturen til 1,5°C dersom verda ønskjer å sleppe katastrofale

konsekvensar i framtida. Vi må finne globale løysningar på ei rekke område. I tillegg til å kutte i utslepp og fange og lagre CO<sub>2</sub>, må det bli satsa meir på fornybar energi, nye industrielle system og endring i infrastruktur. Vi må også investere i å verne, tilpasse oss og avgrense skadeomfanget.

Verda er ikkje i rute for å nå måla i Parisavtalen, som er å forhindre at oppvarminga stig med meir enn 1,5 grader, og at klimagassutsleppa i verda blir netto-null innan 2050. Det blir sett i verk mange viktige tiltak for å handtere den globale klimakrisa, men det er forventa at utsleppa held fram med å stige, med mindre kraftfulle grep blir gjort for å vri økonomien vekk frå olje, kol og gass.

Banken tilbyr grøne finansieringsløysingar som lån til energieffektivisering av bustader og investeringar i fornybar energi. Ved å gi råd om berekraftige investeringar og tilby produkt som grøne obligasjonar, kan banken hjelpe kundane med å ta miljøvennlege val. Banken arrangerer informasjonsmøte for kundane våre for å auke medvitet om klimaendringar og berekraftige praksisar blant kundane.

Banken blei Miljøfyrtårnsertifisert i 2023 og rapporterer årleg.

Som ein del av Eika Gruppen samarbeider Ørskog Sparebank med andre bankar i nettverket for å utvikle og implementere felles berekraftstrategiar. Dette kan inkludere deling av beste praksisar og samarbeid om å utvikle nye grøne produkt. Eika Gruppen har allereie satt ambisiøse mål for å redusere CO<sub>2</sub>-utslepp og fremje ein kultur for berekraft i samfunnet.

## Berekraftsmål nr. 17 Samarbeid for å nå måla

Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling.



For å oppnå FNs berekraftsmål er det avgjerande med nye og sterke partnerskap mellom styresmakter, næringsliv og sivilsamfunn. Mål 17 handlar om å styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling. Verda står overfor alvorlege, globale kriser innan helse, fattigdom og klima, og koronapandemien har forverra situasjonen for mange land, særleg dei med låg og middels inntekt. Bistanden er rekordhøg, men mykje går til Ukraina og flyktningar i rikare land, noko som gjer at mange land ikkje får den hjelpa dei treng. Tilgang til internett aukar, og i 2022 hadde to av tre menneske tilgang, noko som er viktig for betre samarbeid. For Noreg sin del har vi oppnådd høg grad av

tillit i samfunnet og har ein sterk frivilligsektor som samarbeider godt med styresmaktene. Noreg har også vedteke ein nasjonal handlingsplan for å oppnå berekraftsmåla og har gitt ein høg prosentdel av BNI til bistand. Likevel er det behov for betre koordinering på tvers av departementa for å sikre at politikken for berekraftig utvikling blir ført meir heilskapleg.

Banken skal fortsette og styrke samarbeidet med lokale aktørar, inkludert næringsliv og frivillige organisasjonar, for å fremje berekraftig utvikling.

Gjennom Eika-alliansen, som består av i underkant av 50 lokalbankar, kan Ørskog Sparebank dra nytte av samarbeid og kompetansedeling på tvers av bankane. Eika-alliansen har som mål å styrke lokalbankane og sikre at dei kan vere drivkrefter for vekst og utvikling i sine lokalsamfunn. Dette samarbeidet gir tilgang til verdiaukande produkt, tenester og stordriftsfordelar, noko som styrkjer konkurransekrafta og marknadsposisjonen til bankane.

Vidare arbeider banken for å auke bevisstheita om berekraft blant kundane våre ved å tilby breidderådgiving og finansielle produkt som støttar berekraftige investeringar og prosjekt.

Internt i banken er samarbeid og kompetansedeling viktig for å sikre at alle tilsette har den kunnskapen og ferdigheitene som trengst for å møte kundane sine behov og fremje berekraft. Banken legg vekt på personleg kontakt og tilpassa løysingar, og dei tilsette deler aktivt kunnskap og erfaringar for å kunne tilby best mogleg tenester til kundane.

Gjennom å integrere berekraft i eigen drift, som å redusere eigne klimagassutslepp og fremje etisk forretningspraksis, kan banken vise veg og inspirere andre til å gjere det same.



## Mål innan samfunnsansvar

---



Ørskog Sparebank tar ansvar for ei berekraftig samfunnsutvikling som ikkje skal gå på kostnad av framtidige generasjonar.

Vi har arbeidd med berekraft, samfunnsansvar og tiltak for å redusere klimagassutslepp.

## Miljøfyrtårn

---



Ørskog Sparebank blei Miljøfyrtårnsertifisert i 2023.

Det betyr at banken har oppfylt strenge krav til avfallshandtering, berekraftige innkjøp, miljøvenleg transport, energieffektivisering, HMS og arbeidsmiljø.

Vi tar berekraft på alvor – og jobbar kontinuerleg med å redusere våre klimagassutslepp

Miljøfyrtårn er ein norsk miljøsertifiseringsordning som hjelper bedrifter og organisasjonar med å drive meir berekraftig. Ordninga tilbyr verktøy og rettleiing for å redusere miljøpåverknad, auke energieffektivitet og fremje eit godt arbeidsmiljø. Sertifiseringa er anerkjent av myndigheitene og gir bedrifter eit konkret bevis på deira miljøinnsats.

For å bli sertifisert har banken gjennomført ei miljøkartlegging og satt i verk tiltak for å oppfylle bransjekriteria. Dette arbeidet blei gjort med hjelp av ein godkjend Miljøfyrtårn-konsulent. Banken har kartlagt sine miljøpåverknader innanfor område som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport.

Klimaregnskapet til Miljøfyrtårn blir utarbeidd ved å registrere data om verksemda sine aktivitetar gjennom berekraftsverktøy. Denne rekneskapen viser kva aktivitetar som forårsakar klimagassutslepp og kor store desse utsleppa er. Utsleppa blir berekna ved å multiplisere aktivitetsnivået med utsleppsfaktorar som er basert på Greenhouse Gas Protocol (GHG-protokollen). Klimaregnskapet blir oppdatert årleg for å sikre at banken har oversikt

over sine klimagassutslepp og kan setje seg mål for utsleppsreduksjon. Klimaregnskapet gir verksemdene eit godt grunnlag for å setje seg mål om utsleppsreduksjon, bestemme og prioritere tiltak, og overvake om utsleppa reduserast eller aukar over tid.

Utsleppa blir delt inn i 3 Scopes:

**Scope 1 – Direkte utslepp frå eige utstyr**

**Scope 2 – Indirekte utslepp frå energi**

**Scope 3 – Andre indirekte utslepp**

Berekraftsgruppa i banken har planlagt, informert og gjennomført miljøtiltak, inkludert intern opplæring. Gjennom Miljøfyrtårnsertifiseringa får banken dokumentert miljøinnsatsen og vise samfunnsansvar. Det skal bidra til at banken kan redusere miljøbelastninga, auke konkurransekrafta og stimulere til grøn omstilling.



Klimarekneskap for 2024



Ørskog Sparebank

2024

| Utslippskilde   | Utslipp        |                  |
|---|----------------|------------------|
| Scope 1   |                |                  |
| Drivstofforbruk i virksomhetens kjøretøy - Bensin (personbil/varebil) | 0,693          | tonn CO2e        |
| <b>Sum scope 1</b>  | <b>0,693</b>   | <b>tonn CO2e</b> |
| Scope 2   |                |                  |
| Energibruk - Elektrisitet   | 4,730          | tonn CO2e        |
| <b>Sum scope 2</b>  | <b>4,730</b>   | <b>tonn CO2e</b> |
| Scope 3   |                |                  |
| Avfallsmengder - Batterier  | 0,000          | tonn CO2e        |
| Avfallsmengder - EE-avfall  | 0,001          | tonn CO2e        |
| Avfallsmengder - Glass- og metallemballasje                           | 0,000          | tonn CO2e        |
| Avfallsmengder - Organisk avfall (matavfall med mer)                  | 0,008          | tonn CO2e        |
| Avfallsmengder - Papir, papp og kartong                               | 0,033          | tonn CO2e        |
| Avfallsmengder - Plast  | 0,009          | tonn CO2e        |
| Avfallsmengder - Restavfall   | 0,010          | tonn CO2e        |
| Kategori 15 - 5. Boliglån (scope 3)                                   | 329,000        | tonn CO2e        |
| Produksjonsutslipp fra bensin   | 0,179          | tonn CO2e        |
| Produksjonsutslipp og overføringstap fra elektrisitet                 | 5,676          | tonn CO2e        |
| Tjenestereiser - Flyreiser, Norden (rapportere i antall reiser)       | 11,232         | tonn CO2e        |
| <b>Sum scope 3</b>  | <b>346,150</b> | <b>tonn CO2e</b> |
| <b>Totalt klimagassutslipp</b>  | <b>351,573</b> | <b>tonn CO2e</b> |
| Utslipp av biogent CO2  | 1,577          | tonn CO2         |

Endringa i totalt klimagassutslipp frå tidlegare år er i stor grad grunna at banken har inkludert bustadlån som kjelde til utslipp under scope 3. Dette indikerer den direkte miljøpåverknaden gjennom banken si utlånsportefølje.

I klimarekneskapet for 2024 er det nytta tal for lokasjonsbasert metode på scope 2.

### Lokasjonsbasert metode

Den lokasjonsbaserte metoden måler utslipp basert på den gjennomsnittlege utslippsfaktoren for elektrisitet i det geografiske området der forbruket skjer. Dette betyr at utslippa blir rekna ut frå korleis straumen brukt i Norge har blitt produsert. Fordelane med lokasjonsbasert metode er at det er enkelt å samanlikne utslipp mellom ulike geografiske område og det gjer eit bilete av dei faktiske utslippa i området.

### Marknadsbasert metode


Den marknadsbaserte metoden bereknar utslipp basert på om verksemda har kjøpt opphavsgarantiar for å sikre fornybar straum. Det blir brukt ein høgare utslippsfaktor for straum utan opphavsgarantiar.

### Den grønne brøken


Den grønne brøken (GAR) i klimarekneskap er ein indikator som måler delen av ei verksemd sine aktivitetar som er berekraftige i samsvar med Eu sine kriteria for taksonomi.

I banken viser den grønne brøken kva del av verksemda sine utlån som er gitt til aktivitetar som er grønne i samsvar med taksonomien for berekraftig økonomisk aktivitet. Som tiltak for å auke delen av grønne lån, har banken oppretta eit grønt energilån.

## Den grønne brøken (GAR)



## Grønne lån:




Rapporten om grønne lån viser at det har vore ein betydeleg auke i lån med sikkerheit i grønne bustader. Per 31.12.2024 utgjorde desse låna ein vesentleg del av den totale låneporteføljen. Dette indikerer ein positiv trend mot meir berekraftige investeringar i bustadmarknaden.

Fordelinga av lån etter byggjeår og energikarakter viser at nyare bustader, spesielt dei som oppfyller tekniske forskrifter frå 2017 og 2010, dominerer blant dei grønne låna. Dette understrekar viktigheita av moderne byggjestandardar for å oppnå energieffektivitet og redusere miljøpåverknad.

Samla sett reflekterer tala i rapporten ei forplikting til å fremje grønne lån og støtte utviklinga av ein meir berekraftig bustadmarknad.

## Berekraftsvurdering:

Trend berekraftsvurdering, andel engasjement med vurdering 1-3



### Berekraftsvurdering

| Berekraftsvurdering | Antall kunder | Andel kunder    |
|---------------------|---------------|-----------------|
| 1                   | 12            | 4,29 %          |
| 2                   | 234           | 83,57 %         |
| 3                   | 5             | 1,79 %          |
| Mangler vurdering   | 29            | 10,36 %         |
| <b>Totalt</b>       | <b>280</b>    | <b>100,00 %</b> |


### Berekraftsvurdering, Eika

| Berekraftsvurdering | Antall kunder | Andel kunder    |
|---------------------|---------------|-----------------|
| 1                   | 6 060         | 29,65 %         |
| 2                   | 4 392         | 21,49 %         |
| 3                   | 81            | 0,40 %          |
| Mangler vurdering   | 9 905         | 48,46 %         |
| <b>Totalt</b>       | <b>20 438</b> | <b>100,00 %</b> |

Rapporten viser at i Ørskog Sparebank er det kun rundt 10 % av kundane innan Bedriftsmarknad som manglar berekraftsvurdering mot 48,5 % i Eika. Trenden på engasjement med vurdering 1-3 er også stabilt høg gjennom heile 2024, medan snittet i Eika viser god og jamn framgang. I banken er det flest engasjement innafor vurdering 2, som tyder på god berekraft, men med rom for forbetring.



## Klimarisiko bustadeigedomar:



Når det kjem til klimarisiko viser rapporten at det er betydelege utfordringar knytt til flaum, havnivåstigning, skred og overvann for bustadeigedomar. Analyser av risikoscore for ulike område indikerer at det er nødvendig med tiltak for å redusere eksponeringa og sårbarheita til eigedomane.

**Klimarisiko** utgjør fleire typar risiko for banken.

Fysisk risiko omfattar skade på eigedomar og infrastruktur som følgje av flaum, skred, havnivåstigning og overvann, noko som kan føre til store økonomiske tap for banken.

Overgangsrisiko er knytt til endringar i politikk, teknologi og marknad som følgje av overgangen til eit lågutsleppsamfunn, og kan påverke banken sine kundar og auke risikoen for tap på utlån.


Ansvarsrisiko inneber at banken kan bli halden ansvarleg for manglande handtering av klimarisiko, noko som kan føre til juridiske krav og omdømmeskade.

Marknadsrisiko handlar om at klimaendringar kan påverke marknadsværdien av investeringar og eigedomar, og eigedomar i risikoutsette område kan miste verdi, noko som kan føre til tap for banken.

## Finansierte utslepp:

Rapporten viser berekna finansierte klimagassutslepp for aktiva klasse Bustadlån. Den består av lån med sikkerheit i bustadtypane einbustad, tomannsbustad, rekkehus og leilegheiter. Bedrifta Eiendomsverdi leverer informasjon om estimert energiforbruk og estimert CO<sub>2</sub>-utslepp per eigedom og blir brukt til å berekne dei finansierte klimagassutsleppa.

## eika. Finansierte utslipp



| Boligtype     | Estimert energibruk (kWh per år) | Estimert CO <sub>2</sub> -utslipp (kg per år) Lokasjonsbasert | Finansierte utslipp (kg per år) Lokasjonsbasert | Finansiert utslippintensitet Lokasjonsbasert | Estimert CO <sub>2</sub> -utslipp (kg per år) Markedsbasert | Finansierte utslipp (kg per år) Markedsbasert | Finansiert utslippintensitet Markedsbasert |
|---------------|----------------------------------|---|---|--|---|---|--|
| Enebolig      | 39 290 822                       | 601 321   | 246 293   | 2  | 20 025 472  | 8 096 941                                     | 75   |
| Leilighet     | 6 012 184                        | 88 372  | 38 268  | 2  | 3 106 813   | 1 332 077                                     | 77   |
| Rekkehus      | 1 724 019                        | 26 661  | 11 137  | 2  | 894 467   | 369 488                                       | 71   |
| Tomannsbolig  | 5 279 126                        | 79 779  | 33 667  | 2  | 2 774 797   | 1 172 837                                     | 70   |
| <b>Totalt</b> | <b>52 306 151</b>                | <b>796 133</b>  | <b>329 364</b>                                  | <b>2</b>                                     | <b>26 801 549</b>   | <b>10 971 343</b>                             | <b>75</b>                                  |

Data i rapporten for finansierte utslipp viser at einebustader og leiligheter står for dei største delane av både energibruk og CO<sub>2</sub>-utslipp, men at også tomannsbustader og rekkehus ikkje ligg langt bak når det kjem til utslipp og energibruk. Det er store skilnader mellom lokasjonsbaserte og markedsbaserte utslipp. Dette understrekar behovet for å ta omsyn til både lokale forhold og marknadsdynamikk når ein planlegg og gjennomfører tiltak.

Gjennomsnittleg finansiert utslippintensitet er høgast for einebustader, følgd av leiligheter, tomannsbustader og rekkehus. Dette indikerer at tiltak for å redusere utslippa bør prioriterast i denne rekkefølga.

For å oppnå berekraftsmåla er det viktig å fokusere på energieffektivisering og utslippsreduksjon i dei bustadtypane som står for dei største utslippa. Dette kan gjerast gjennom ei rekkje tiltak, inkludert oppgradering av eksisterande bygningsmasse, implementering av energieffektive teknologiar og auka bruk av fornybare energikjelder.

Samla sett viser denne rapporten at det er eit stort potensial for å redusere energibruken og CO<sub>2</sub>-utslippa knytt til bustader. Og ein kan oppnå betydelege forbetringar ved å fokusere på dei områda som har størst påverknad.

## Banken sitt eige klimaavtrykk

---



Ørskog Sparebank har lokasjonar i Ørskog og i tillegg eit leid lokale på Moa. Banken har eit lite klimaavtrykk som bedrift, men kan i stor grad påverke vekst og utvikling i lokalmiljøet.

Banken kan bidra til vekst med nye bedrifter, nye bustader og produksjon, men dette vil også bidra til å auke klimautsleppet. Næringseigedom, bygg og anlegg, samt landbruk har mest klimarisiko i banken si portefølje.

I 2024 har Ørskog Sparebank gjort betydelege framsteg i arbeidet med å redusere sitt klimaavtrykk. Banken har prioritert grønne lån, som no utgjør ein vesentleg del av den totale låneporteføljen. Dette viser ei klar

forplikting til å støtte berekraftige investeringar i bustadmarknaden.

Nyare bustader, spesielt dei som oppfyller tekniske forskrifter frå 2017 og 2010, dominerer blant dei grønne låna. Dette understrekar viktigheita av moderne byggjstandardar for å oppnå energieffektivitet og redusere miljøpåverknad.

Data viser at einebustader og leilegheiter står for dei største delane av både energibruk og CO<sub>2</sub>-utslepp. For å nå berekraftsmåla, er det viktig å fokusere på energieffektivisering og utsleppsreduksjon i desse bustadtypene. Dette kan oppnåast gjennom oppgradering av eksisterande bygningsmasse, implementering av energieffektive teknologiar og auka bruk av fornybare energikjelder.

Samla sett viser tala frå 2024 at Ørskog Sparebank har potensiale for å redusere energibruken og CO<sub>2</sub>-utsleppa knytt til bustader. Ved å fokusere på dei områda som har størst påverknad, kan banken oppnå betydelege forbetringar og støtte utviklinga av ein meir berekraftig bustadmarknad.

## Ansvarleg arbeidsgivar

---

### Etiske retningslinjer

Ørskog Sparebank sine etiske retningslinjer for 2024 beskriv forventningar og krav til tilsette si handlemåte og opptreden. Retningslinjene gjeld for alle tilsette, tillitsvalde, konsulentar og styremedlemmer, og skal godkjennast av styret. Tilsette skal følgje gjeldande lover, forskrifter og interne rutinar, og dei har teieplikt om interne forhold og konfidensiell informasjon om kundar. Diskresjon er viktig, og opplysningar om kundar skal behandlast med aktsemd og fortrulegheit.

Banken skal ha høg integritet i kundebehandlinga, gi ansvarleg rådgjeving og opptre ope og ærleg. Tilsette skal aktivt jobbe for å avdekke og rapportere mistenkelege transaksjonar

knytt til kvitvasking og terrorfinansiering. Risikoen for interessekonfliktar skal minimerast, og banken har nulltoleranse for korrupsjon. Gåver kan berre mottakas dersom dei er i samsvar med god forretningsskikk.

Berekraft og samfunnsansvar er sentralt, og banken skal ta omsyn til miljø, klima, etikk og sosiale forhold i heile verksemda. Tilsette skal motverke krenking av rettar, korrupsjon og miljøskade. Banken har nulltoleranse for trakassering, inkludert seksuell trakassering og diskriminering. Leiarane skal vere gode førebilete og opptre med integritet.

Banken sine verdiar er engasjert, til stede og stolt. Tilsette skal vere engasjerte i kundar, lokalmiljø og kvarandre, og vere ein personleg bank med lokal forankring og ha yrkes stoltheit og integritet.

## Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold

Ørskog Sparebank sine retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold legg til rette for eit godt yringsklima der kritikkverdige forhold kan takast opp, diskuterast og løysast. Retningslinjene gjeld for alle tilsette, innleigde arbeidstakarar og andre relevante personar, og skildrar korleis varsling skal skje i tråd med Arbeidsmiljølova. Kritikkverdige forhold inkluderer blant anna fare for liv eller helse, korrupsjon, myndigheitsmisbruk og brot på personopplysningssikkerheita. I nokre tilfelle har arbeidstakaren plikt til å varsle, spesielt ved trakassering eller fare for liv og helse.

Varsling skal skje på ein forsvarleg og aktsam måte. Interne varslingskanalar inkluderer næraste overordna, banksjef, HR, tillitsvald, verneombod, styreleiar og BHT. Ved behov kan det òg varslast eksternt til offentlege myndigheiter eller media.

Eit varsel skal innehalde konkret og tydeleg informasjon om det kritikkverdige forholdet, og banken har plikt til å undersøke varselet innan rimeleg tid. Varslarens identitet skal behandlast konfidensielt, og banken skal sørgje for at varslaren har eit forsvarleg arbeidsmiljø. Gjengjelding mot varslar er forbode, og arbeidstakarar kan krevje oppreisning og erstatning ved brot på gjengjeldingsforbodet.

Personopplysningar i varslingsaker skal behandlast i samsvar med personopplysningslova, og opplysningar skal ikkje oppbevarast lenger enn nødvendig. Anonym varsling er mogleg, men open varsling blir føretrekt for best mogleg opplysning av saka.

Retningslinjene blir gjennomgått med alle tilsette årleg og er tillegg ein del av onboardingprosessen til nye tilsette i banken.

## Arbeidsgivars aktivitets- og redegjerelsesplikt

Ørskog Sparebank er forplikta til å fremje likestilling og hindre diskriminering i alle delar av vår verksemd. Vi anerkjenner verdien av mangfald og inkludering, og vi arbeider aktivt for å sikre like moglegheiter for alle tilsette, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, funksjonsevne eller seksuell orientering. Aktivitetsplikta inneber at vi skal arbeide systematisk for å fremje likestilling og hindre diskriminering.

Ved utgangen av 2024 hadde Ørskog Sparebank ei kjønnsfordeling på 68 % kvinnelege tilsette og 32 % menn. Vi er stolte av å ha ei balansert representasjon i leiargruppa med 55 % kvinner.

Vi tilbyr like moglegheiter for kompetanseutvikling og karriereutvikling for alle tilsette. Dette inkluderer tilgang til kompetanseheving, kurs og deltaking på seminar. Ein har også fokus på intern kompetanseheving for å sikre moglegheiter for interne opprykk i alle avdelingar i banken. Der er mange interne opprykk gjennom tidlegare år, og banken kan også vise til fleire tilsetjingar internt i 2024. Det er banken si målsetjing at tilsette av begge kjønn skal bli motivert til å ta leiande stillingar og søkje utfordringar. Alle tilsette, uavhengig av kjønn skal bli behandla likt og bli gitt like sjansar til utvikling.

Styret i banken er oppteke av å fremje likestilling og hindre forskjellshandsaming i strid med lov om likestilling mellom kjønna. Kvinneandelen i styret er i tråd med lovverket.

Banken nyttar seg aktivt av dei anbefalingane som Finans Norge har knytt til val av tillitsvalde til forstandarskapet, komitéar og til styret. Det er banken si haldning at alle tilsette skal bli gitt like moglegheiter og rettar.

Vi har gode permisjonsordningar for tilsette, som gir tryggleik og støtte i viktige livsfasar. Vi har fokus på ei realistisk haldning til arbeidsmengde og klare forventningar til arbeidsoppgåver, som kan bidra til å redusere stress. Dette inkluderer også klare grenser mellom arbeidstid og fritid, og det er innført fleksitid, slik at det for våre tilsette er mogleg å kombinere arbeid og familieliv. Sjølv om tilsette er i permisjon eller er sjukmeldt, utbetaler banken bonus på lik linje med alle andre tilsette. Banken forskotterer også lønn ved foreldrepermisjon og sjukefråvær. Dette bidreg til at dei tilsette kan fokusere på den livssituasjonen dei står i utan økonomiske bekymringar.

Varslingsrutinane til banken blir gjennomgått med alle nytilsette i tillegg til ein årleg gjennomgang med alle tilsette. Varslingsrutinar gir tilsette ein trygg måte å rapportere brot på etiske retningslinjer, diskriminering eller trakassering utan fare for gjengjelding. Dette er viktig for å kunne avdekke og handtere slike saker raskt og effektivt.

Vi sikrar at våre rekrutteringsprosessar er rettferdige og inkluderande ved å implementere fleire tiltak. Vi er bevisst på å utforme annonseringa på ein kjønnsnøytral måte og oppfordrar til mangfald, dette for å unngå ubevisste fordommar. Vi legg vekt på å nå ut til eit breitt spekter av kandidatar gjennom ulike kanalar, og vi oppmodar aktivt kvalifiserte kandidatar til å søkje. Dette bidrar til å fremje ein rettferdig og inkluderande arbeidsplass der alle har like moglegheiter.

Vi gjennomfører regelmessige og grundige lønngjennomgangar for å sikre at alle tilsette får likelønn for likt arbeid. Dette inneber at vi systematisk samanliknar lønningane på tvers av ulike avdelingar og stillingsnivå for å identifisere eventuelle lønnsforskjellar. Når vi oppdagar slike forskjellar, analyserer vi årsakene bak dei og vurderer nødvendige tiltak for å rette opp i urettferdige lønnsforskjellar.

Kvinnedagen blir årleg markert av banken gjennom ulike aktivitetar på sosiale media. Vi gratulerer alle kvinner med dagen og deler ein video som viser bilete av våre kvinnelege tilsette. Dette er ein del av vårt arbeid for å synleggjere og feire dei viktige bidraga kvinnene gjer i vår organisasjon.

Ørskog Sparebank inviterte før jul til eit arrangement for våre kvinnelege kundar og tilsette, med fokus på sparing og investering. Målet med arrangementet var å styrke kvinner sin økonomiske kompetanse og sjølvtilit, slik at dei kan ta kontroll over sin eigen økonomi og bygge ei trygg økonomisk framtid. Vi ønskjer å skape ei inkluderande og støttande atmosfære der kvinner kan lære, dele erfaringar og bli inspirerte til å ta aktive steg mot økonomisk sjølvstende. Den store oppslutninga kring arrangementet syner at det er eit uttalt behov for liknande tiltak.

Banken arbeider med å fremme likestilling og hindre diskriminering kontinuerleg, og dei tillitsvalgte er inkludert i arbeidet.



Det er ikkje vurdert som naudsynt å sette inn tiltak i høve til diskriminering slik situasjonen er i dag.

## Redegjerelse for aktsomheitsvurderingar etter openheitslova

Ørskog Sparebank er forplikta til å følgje openheitslova, som trådte i kraft 1. juli 2022. Lova krev at verksemdar gjennomfører aktsomheitsvurderingar både av eigen verksemd og av forretningspartnarar for å sikre grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Banken har gjennomført aktsomheitsvurderingar i fleire år, og desse er integrerte i retningslinjene for berekraftig verksemd og samfunnsansvar. Ørskog Sparebank har utvikla styringsrutinar, policyar og retningslinjer i samarbeid med Eika Gruppen for å sikre at dei overheld alle regulatoriske og juridiske forpliktingar. Banken har fokus på kontinuerleg forbetring av desse rutinane for å sikre at dei alltid er i tråd med gjeldande lovverk og beste praksis.

Ørskog Sparebank legg stor vekt på å sikre at forretningspartnarane deira respekterer menneskerettar og tilbyr anstendige arbeidsforhold. Banken samarbeider med leverandørar og tenesteytarar som oppfyller banken sine krav og standardar, og prioriterer å bruke lokal kompetanse og arbeidskraft når banken kjøper inn tenester. Banken tilbyr aksjefond frå Eika, der investeringsprofilen sikrar at det berre blir gjort ansvarlege investeringar. Banken gjennomfører regelmessige vurderingar og oppfølgingar av forretningspartnarar for å sikre at dei overheld krav til menneskerettar og arbeidsforhold. Ørskog Sparebank har etablert ein prosess for å handtere eventuelle avvik og sikre at nødvendige tiltak blir sette i verk for å rette opp i desse.

## Retningslinjer for samfunnsansvar og berekraft

Ørskog Sparebank definerer berekraft (ESG) til å omfatte klima/miljø, sosiale forhold og etisk forretningsstyring. Visjonen til banken er å skape verdiar for ei betre framtid gjennom nærleik og god rådgjeving. Dette inneber mellom anna å motivere kundane til å gjere berekraftige investeringar, bekjempe økonomisk kriminalitet, og oppretthalde god forretningsstyring.

Banken følgjer nasjonale og internasjonale rammeverk, inkludert FNs prinsipp for berekraftig bankdrift og FNs berekraftsmål. Banken har valt ut seks berekraftsmål som dei fokuserer på: likestilling, anstendig arbeid, berekraftige byar, ansvarleg forbruk, samarbeid og bekjemping av klimaendringar. Desse prinsippa og måla blir integrerte i banken si verksemd for å sikre ei berekraftig utvikling.

Styret i banken spelar ei avgjerande rolle i å integrere ESG i banken sin strategi og drift. Styret skal sikre at samfunnsansvar og berekraft blir ein del av banken si forretningsstrategi, organisasjonskultur, verdiar og driftspraksis. Dette inkluderer å setje tydelege mål for å redusere negativ påverknad, fremje positive innverknader, og rapportere resultat.

Banken sitt samfunnsansvar inneber å ivareta miljø, etikk og sosiale forhold i investeringar og kredittavgjerder. Banken skal følgje Norsk anbefaling for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) for å oppretthalde tillit og godt omdømme. Klima og miljø er også viktige fokusområde for banken, som er Miljøfyrtårnsertifisert og rapporterer årleg på klima- og miljøtiltak. Banken inkluderer klimarisiko i sine risikovurderingar og gjennomfører tiltak for å redusere utslepp.

Når det gjeld menneskerettar, har banken nulltoleranse for diskriminering og skal respektere og fremje menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Banken gjennomfører aktsomheitsvurderingar for å sikre respekt for menneskerettar i eigen verksemd og verdikjeda.

Økonomisk kriminalitet blir bekjempa gjennom retningslinjer og rutinar for å motverke kvitvasking og terrorfinansiering. Banken investerer ikkje i selskap i skatteparadis og har nulltoleranse for korrupsjon. Informasjonssikkerheit og personvern blir ivaretekne gjennom policyar og retningslinjer som sikrar IKT- og informasjonssikkerheit og etterleving av personvernlovgivinga.

Banken sikrar ansvarleg og berekraftig eigarskap gjennom eigne retningslinjer for eigarstyring. Investeringar blir gjort i langsiktig verdiskaping og selskap med høg ESG-risiko blir ekskluderte. Eika Kapitalforvaltning forvaltar banken sine investeringar i tråd med FNs prinsipp for ansvarlege investeringar.

Lokalt engasjement er viktig for banken, som bidreg til lokale berekraftige tiltak gjennom årlege gåveutdelingar og sponsoravtalar. Banken fremjar økonomisk kunnskap og berekraftige val gjennom seriøs og objektiv marknadsføring og rådgjeving.

Banken diskriminerer ikkje kundar og sikrar at kundane tek berekraftige val. Leverandørar blir valde basert på deira ansvarlegheit og berekraftige praksis. Banken fremjar likestilling og mangfald i arbeidsmiljøet og tilbyr utviklingsmoglegheiter og opplæring i berekraft.

Som ein del av Eika-Alliansen, har banken ei felles klimaambisjon om netto nullutslepp av klimagassar innan 2050. Eika Gruppen støttar banken sitt berekraftsarbeid gjennom produkt, system og kompetanse. Banken bereknar og rapporterer finansierte klimagassutslepp i tråd med rettleiarar frå Finans Norge og utarbeider årleg ein berekraftsrapport basert på GRI, TCFD, FNs prinsipp og GHG-protokollen.

Retningslinjene gjer ei omfattande oversikt over Ørskog Sparebanks tilnærming til samfunnsansvar og berekraft, og korleis banken integrerer desse prinsippa i sin daglege drift og langsiktige strategi.

## Banken sine tilsette

Banken sine tilsette og valde representantar skal behandlast med respekt og rettidig få den informasjonen og dei opplysningane dei har krav på i samsvar med lov, forskrifter, banken sine vedtekter og interne regelverk.

Banken skal skape eit triveleg og motiverande **arbeidsmiljø** prega av gjensidig tillit, samarbeid og openheit. Det skal også leggjast til rette for intern rekruttering ved endra kompetanse- og ressursbehov, slik at eigne tilsette kan fylle aktuelle stillingar.

Banken skal arbeide aktivt og målretta for å fremje **likestilling**. Det er eit grunnleggande prinsipp at kvinner og menn skal ha like moglegheiter til å kvalifisere seg for alle typar oppgåver, og at karrieremoglegheitene skal vere dei same. Moglegheitene skal vere like for alle tilsette, uavhengig av alder, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller kombinasjonar av desse grunnlaga.

Banken sitt arbeid med **mangfald** skal omfatte rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid

og familieliv. Ingen form for verbal, fysisk eller seksuell trakassering skal førekome. Banken skal gjere greie for sitt mangfaldsarbeid i årsberetninga.

Banken skal fokusere på tilsette si **kompetanseutvikling**, slik at dei blir sikra utviklingsmoglegheiter uavhengig av kjønn og andre mangfaldsparametrar. Dette blir målt årleg i ei kompetansekartlegging. Kunnskap om berekraft hos banken sine tilsette er nøkkelen til godt berekraftsarbeid og rådgiving. Gjennom deltaking i ulike autorisasjonsordningar og tilbod frå Eika Skolen, kan banken tilby god kompetanseutvikling på ei rekkje viktige område. Banken skal også gjennomføre jamlege utviklingssamtalar med alle tilsette for å fremje motivasjon og meistring.

Banken er bevisst på vårt ansvar for kvar enkelt tilsett når det gjeld sjukefråværsoppfølging. Som arbeidsgivar samarbeider vi tett med tilsette for å tilretteleggje for at flest mogleg kan arbeide så mykje som mogleg, så lenge som mogleg. Banken er også bevisst sitt samfunnsansvar når ein ser på det aukande sjukefråværet i Norge, og at Norge har eit av dei høgaste sjukefråværa samanlikna med andre land. Det er i 2024 oppretta eit Arbeidsmiljøutval (AMU) som er representert frå både arbeidstakar- og arbeidsgivarsida.

Banken følgjer Arbeidsmiljølova, aktivitets- og redegjerelsesplikt, tariffavtalar, bedriftsavtalar og interne arbeidsreglement.

Banken har investert tid og krefter i å utforme ein revidert **visjon og verdier** som skal styre atferda i banken. Verdiane "Stolt, engasjert og til stede" er utforma i samarbeid med dei tilsette, og banken investerer vidare tid og ressursar for å sikre at verdiane blir levde ut i det daglege.



## Verdiskaping

---

Banken spelar ei avgjerande rolle i å skape verdi for både kundar og lokalsamfunn. Gjennom ei rekkje tenester og initiativ bidreg banken til økonomisk vekst, samfunnsutvikling og berekraftig framgang.

Økonomisk verdiskaping er ein av dei mest sentrale funksjonane til banken. Ved å tilby lån og kreditt til privatpersonar og bedrifter, støttar banken økonomisk vekst og utvikling. Dette inkluderer bustadlån, billån og bedriftslån, som alle gir kundane moglegheita til å realisere sine økonomiske mål. I tillegg tilbyr banken ulike spare- og investeringsprodukt, som innskotskontoar, aksjefond og pensjonssparing. Desse produkta hjelper kundane med å bygge opp økonomisk tryggleik og planleggje for framtida. Gjennom personleg finansiell

rådgeving hjelper banken kundane med å ta gode økonomiske avgjerder, noko som kan forbetre deira økonomiske situasjon og bidra til langsiktig verdiskaping.

Samfunnsmessig verdiskaping er òg ein viktig del av banken si verksemd. Ørskog Sparebank har eit sterkt lokalt engasjement og støttar prosjekt som fremjar utvikling og trivsel i lokalsamfunnet. Dette inkluderer støtte til lokale idrettslag, kulturarrangement og veldedige organisasjonar. I tillegg er banken oppteken av berekraft og miljø, og blei Miljøfyrtårn-sertifisert i 2023. Banken tilbyr grønne lån og investeringsprodukt som støttar miljøvenlege prosjekt, samt implementerer eigne berekraftstiltak for å redusere vårt klimaavtrykk. Dette viser vår forplikting til å bidra til ei meir berekraftig framtid.

Innovasjon og teknologi er òg viktige område der banken saman med Eika sine alliansebankar, skaper verdi. Ved å investere i teknologi kan banken tilby moderne og brukervenlege digitale tenester. Dette inkluderer nettbank, mobilbank og digitale betalingsløsingar som gjer det enklare for kundane å handtere sin økonomi. Banken har òg støtta lokale gründerar og innovasjonsprosjekt gjennom finansiering og rådgeving, noko som bidreg til å skape nye arbeidsplassar og fremje økonomisk vekst i regionen.

Ansvarleg forvaltning er ein annan nøkkelkomponent i banken si verdiskaping. Ved å velje å investere i selskap og prosjekt som oppfyller visse etiske og berekraftige kriterium, bidreg banken til ei meir ansvarleg kapitalforvaltning. Dette kan ha ein positiv innverknad på samfunnet og miljøet. Gjennom openheit og god kommunikasjon byggjer banken tillit hos kundane. Dette inkluderer open rapportering om økonomiske resultat, berekraftstiltak og samfunnsengasjement.





## Sponsing og gåvemidler

Ørskog Sparebank lever av og for levedyktige og sterke lokalsamfunn. Vi er banken som bryr oss, og støttar lag og foreiningar gjennom pengestøtte i form av mellom anna gåver. Frå årsresultatet i 2023 vart det sett av 1 250 000 kr til gåver i 2024.

Ein solid sparebank er ikkje mykje verdt utan kundar og eit levande lokalsamfunn. Banken gir derfor kvart år ein del av overskotet tilbake til lokalsamfunnet. I starten av januar legg vi ut søknad der alle lag og organisasjonar har moglegheit til å søkje om tildeling av midlar, og i tillegg vurderer vi gåver til einssilde personar eller andre med gode prosjekt.



## Miljøaksjon 2024

Våren 2024 utfordra banken Ørskog skule på nytt til å bli med på ei vårreingjering og miljøaksjon i nærmiljøet. Fleire av klassene på skulen deltok i miljøaksjonen og rydda søppel.

Avfallet blei levert og avhenda gjennom skulen si eiga renovasjonsordning.



## Lag og foreiningar

Ørskog Sparebank har samarbeidsavtalar med fleire lag og foreiningar lokalt. Eit overordna formål med avtalane er at laga skal gi eit positivt bidrag til lokalmiljøet ved å tilretteleggje for allsidig aktivitet for laga sine medlemmer, særskilt born og unge.





### Gapahuk ved Helland Barneskule

FAU ved Helland Barneskule har stått på og fått sett opp ein kjempeflott gapahuk til glede for både store og små.

Opningsfesten var med ordførar, snorklipping, ballongar og kaker.

Ørskog Sparebank er ein av fleire sponsorar til prosjektet, og vi er stolte over å kunne støtte eit så flott tiltak som vil bringe glede til mange.

### Ørskog Skulekorps

Banken har fornya sponsoravtalen med Ørskog Skulekorps. Vi er stolte over å ha eit aktivt og dyktig skulekorps på Sjøholt.

I korpset jobbar dei med å rekruttere nye medlemmer, og med pengestøtte frå banken blir det garantert hornmusikk til neste 17.mai også.



### Ørskog fotball

Banken er stolt sponsor av fotballaga i Ørskog og har ordna eit heilt nytt sett med drakter.



Banken har også bidrege til at fotballaga kan delta på Norway Cup.



### Ørskog Angels Cheerleading

Ørskog Angels er ein viktig del av lokalsamfunnet og har utøvarar frå mange av bygdene rundt Ørskog. Dei har lag i ulike aldersgrupper og ferdigheitsnivå, og bidreg til å skape eit positivt og inkluderande miljø for alle som er med.

I tillegg til arrangement i bygda, reiser dei årleg på konkurransar og arrangerer sosiale samankomstar og teambuilding-aktivitetar for å styrke samhaldet og trivselen blant medlemmane.



### Idrettens dag

I juni inviterte Ørskog IL til Idrettens dag på Ørskogbanken stadion. Det var ein hyggeleg dag fylt med aktivitetar og underhaldning. Møre Karateklubb heldt imponerende demonstrasjonar, medan Ørskog Angels framførte flotte opptredenar og stunt. Det var mange aktivitetar å delta i, som natursti, sykkelbane, fotball og ulike friidrettsaktivitetar. I tillegg var det open kafé og kiosk der ein kunne kjøpe seg noko godt. Ørskog Sparebank var sjølvsagt også til stades og bidrog til den gode stemninga.



## Heitebua

Heitebua ligg fantastisk til på Prestevøren og er skapt for gode opplevingar.



Den er bygd på dugnad av foreininga Ved og Vel med formål om å skape en flott samlingsplass for folk som bor eller besøker Sjøholt.

Heitebua er ei ny og spennande badstue som har blitt etablert på Sjøholt. Denne badstua er eit resultat av eit stort engasjement frå ein vennegjeng som ønskte å skape ein stad for avslapping og velvære i lokalmiljøet. Heitebua er inspirert av dei populære badstuene som har dukka opp rundt om i landet, og har allereie blitt ein favoritt blant innbyggjarane i området.

Ørskog Sparebank er stolt sponsor av Heitebua. Banken har eit sterkt fokus på å støtte lokale initiativ og prosjekt som bidreg til å styrke lokalsamfunnet. Gjennom sitt sponsorat viser Ørskog Sparebank sitt engasjement for å fremje helse og trivsel blant innbyggjarane i nærmiljøet.



Foto: Velforeininga Ved og Vel

## Lidenskap & business



**Lidenskap & business**

Ørskog Kulturhus  
Onsdag 2. oktober  
Dørene åpner kl. 18.00

Velkommen til en inspirerende kveld med lærerike foredrag og servering av lokal mat fra Stolt Mat.

Påmelding til  
post@orskogsparebank.no

Les mer på  
www.orskogsparebank.no

Helsesista

Arman Vestad

Eika Kapitalforvaltning



Banken har i fleire år arrangert Lidenskap & business for kundane. Dette er ein inspirerende kveld med lærerike foredrag og servering av lokal mat og underholdning.


I år fekk vi besøk av Gunnar Birkevold frå Eika Kapitalforvaltning, Tale Maria Krohn Engvik (Helsesista) og Arman Vestad, frå superkriminell til gjeldsrådgjever.

Tale Maria Krohn Engvik, også kjent som **Helsesista**, slutta i jobben sin som helsesjukepleiar for å fokusere på sitt arbeid som influensar og foredragshaldar. Ho tek opp ei rekkje viktige tema i arbeidet sitt, og fokuserer spesielt på ungdom si psykiske helse. Det handlar om kropp, prestasjonar, status og når alt blir kaos.

Målet hennar er å skape betre forståing og openheit rundt psykisk helse og relasjonar.








Arman Vestad, ein Molde-gut frå ein normal familie, følte seg utanfor og vart dratt inn i eit miljø med narkotika og vald. Han vart kjend for å ha skaffa drapsvåpenet i Orderud-saka og levde eit liv med festar, dop og fengselsdommar. Livet hans hang i ein tynn tråd, men nokon hjalp han å finne vegen tilbake.

No snakkar han om utanforskap, mangfald og inkludering, og brukar si eiga historie til å vise veg.



### Damenes aften

I november arrangerte banken Damenes Aften på Odeon Kino på Moa i ein fullsett kinosal.

Erika Bjerkreim frå Eika Kapitalforvaltning heldt eit flott foredrag om sparing og pensjon med fokus på kvinner.

Etter foredraget vart det førpremiere på filmen «Tre menn til Vilma».

### Røykvarslarens dag

1. desember er røykvarslarens dag, og dette markerer vi årleg i banken.

Vi minner alle kundane våre på å bytte batteri i røykvarslarane sine gjennom innlegg i sosiale media, og deler ut gratis batteri til alle som kjem innom banken.





## Juleeventyret Askepote

Banken inviterte til gratis julekino på Ørskog Kulturhus for heile familien med juleeventyret Askepote.

100 born og vaksne fekk servert popkorn og mineralvatn av dei frivillige i Ørskog Kino



## Verdens sykkeldag

Verdens sykkeldag, som blir markert 3. juni, er ein viktig dag for å fremje sykkelen som eit berekraftig transportmiddel. Denne dagen gjer oss moglegheita til å setje fokus på sykkelen sine mange fordelar, både for miljøet og folkehelsa.

Sykkelen er eit enkelt, rimeleg og miljøvennleg transportmiddel. Den bidreg til å redusere utslepp av klimagassar og luftforureining, noko som er avgjerande for å kjempe mot klimaendringar. Ved å velje sykkelen framfor bilen, kan vi redusere karbonavtrykket vårt betydeleg.

Sykling er ei utmerkt form for fysisk aktivitet som kan bidra til å redusere risikoen for hjartesyjukdomar, diabetes og visse kreftformer. Det har også positive effektar på mental helse ved å redusere stress og forbetre humøret.

Sykkelen er eit kostnadseffektivt transportmiddel. Den krev mindre investering enn bilar og offentleg transport, og vedlikehaldskostnadene er låge. Dette gjer sykkelen til eit tilgjengeleg alternativ for alle samfunnslag.

Ved å leggje til rette for sykling kan byar redusere trafikkbelastning og forbetre luftkvaliteten. Dette bidreg til å skape meir berekraftige og levande bymiljø.

I Ørskog Sparebank oppmodar vi tilsette og kundane våre til å sykle til jobb gjennom sosiale media. I samband med Verdens sykkeldag arrangerte vi ein tur for både gåande og syklende tilsette, der vi kunne ta fleire StikkUT! Bedrift-postar og møtast til sosialt samvær i frisk luft.




Når arbeidsdagen er over kl. 15:30 inviterer Trivselskomiteen til en felles tur for gående og syklende til Hestvika. Vi kler oss etter været!

Trivselskomiteen ordner noe å bite i og selvfølgelig en kopp kaffe ☺

Ta gjerne med en vannflaske og et sitteunderlag.

Gående kan rusle via **Elvastien** (StikkUT!) og de som vil prøve seg på en (EL)sykkeltur kan sykle til **Gausnestoppen** (StikkUT!) før vi møtes i **Hestvika** (StikkUT!).



### Gausnestoppen

3.7km

Tur/retur

314m

stigning

236

turer

## Grøne produkt



### Grønne boliglån

**Energimerke B** Bustaden har varmepumpe eller solenergi og/eller betre isolasjon og vindauge enn krava i byggeforskriftene. Type bustad, byggjeår og bruksareal vil òg påverka energiklassen.

### Grønt bustadlån

Banken tilbyr eit gunstig lån for kundar som har eller skal kjøpe ein energieffektiv bustad med energimerking A eller B. Lånet gjeld også for oppgradering til betre energistandard av gamal bustad.

**Energimerke A** Bustaden har varmepumpe eller solenergi, i tillegg til betre isolasjon og vindauge. Passivhus vil få A.



### Grønne billån

### Grønt billån

Eit grønt billån er for kundar som har kjøpt ny eller brukt elbil, frå forhandlar eller privatperson.

Med **Grønt billån** får du både godt samvit og:

- ✓ lågare etableringsgebyr
- ✓ ekstra god rente

Bilen må vera elbil (CO2 utslepp - 0g/km) og han kan ikkje vera eldre enn 14 år gammal når lånet er nedbetalt.



Ørskog Sparebank samarbeider om å gi ut "grønne" lån!

### Grønt obligasjonslån

Ørskog Sparebank har teke opp eit grønt obligasjonslån som finansierer fornybar energi og energieffektive bygg.

Gjennom å bruke Kredittforeininga for Sparebankar (KfS), kan ein liten bank som Ørskog Sparebank på ein ressursparande måte få tilgang til denne kapitalen som substitutt for et ordinært obligasjonslån. Dette gjer grøn finansiering enklare, slik at banken kan konsentrere seg om å finne dei gode, miljøvenlege produkta å hjelpe

## Grønt energilån

Ørskog Sparebank har i 2024 lansert eit nytt produkt for kundane våre. **Grønt Energilån** er eit lån for dei som ønskjer å rehabilitere eller oppgradere ein eldre bustad for å gjere han meir energieffektiv. Eksempel på energieffektive tiltak kan vere installasjon av væske-til-vatn-varmepumpe, solceller eller vassboren varme.



Tiltak som er gjennomførte eller skal gjennomførast må auke energiklassen med minst to nivå, og bustaden må oppnå minimum energiklasse D.

Grønt Energilån har fleire positive aspekt når det gjeld berekraft. Ved å oppgradere bustaden med energieffektive tiltak som varmepumper, solceller eller vassboren varme, kan ein redusere energiforbruket betydeleg. Dette fører til lågare straumrekningar og mindre belastning på energinettet.

Energieffektive bustader slepp også ut mindre klimagassar, noko som bidreg til å redusere karbonavtrykket og bekjempe klimaendringar. I tillegg kan bustader med høgare energiklasse vere meir attraktive på marknaden, noko som kan auke verdien av bustaden og gjere han meir salbar. Tiltaka kan også forbetre inneklimate i bustaden, noko som kan ha positive effektar på helse og velvære.

Ved å ta opp eit Grønt Energilån, støttar kundane utviklinga og bruken av grøn teknologi, noko som kan bidra til å drive fram innovasjon og berekraftige løysingar. Desse fordelane gjer Grønt Energilån til eit godt val for både miljøet og økonomien til kunden.

## Arbeid mot økonomisk kriminalitet

---

### Banken sitt arbeid med antikvitvask og anna økonomisk kriminalitet

#### Økonomisk kriminalitet og terrorfinansiering

Å bekjempe økonomisk kriminalitet er ein sentral del av samfunnsoppdraget til både Ørskog Sparebank og heile finansnæringa.

Ørskog Sparebank har utarbeidd retningslinjer for å handtere risiko knytt til kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonsbrot. Desse retningslinjene er ein del av banken sin operasjonelle risiko og er underordna verksemds- og risikostyring. Formålet er å sikre at banken etterlever lovpålagde krav og retningslinjer for å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering. Retningslinjene gjeld for banken sitt styre, leiing, tilsette og utkontrakterte avtalar.

Kvart år gjennomfører banken ei grundig risikovurdering for å identifisere og vurdere risiko knytt til alle produkt og tenester som banken tilbyr. Vi analyserer faktorar som kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonsrisiko, og utviklar risikoreduserande tiltak for å handtere desse truslane. Banken skal arbeide aktivt for å avdekke, førebygge og rapportere

mistenkeleg aktivitet eller bruk av banken sine produkt og tenester. Med dette meinast kvitvasking, terrorfinansiering, skatteunndraging, korrupsjon og svindel. Mistenkelege transaksjonar og forhold blir følgt opp i samsvar med banken sine retningslinjer og rapportert til Økokrim.

Risikomatrissa gir oss eit systematisk oversyn over risikoane og dannar grunnlaget for banken sine rutinar, inkludert lovpålagt transaksjonsovervaking. Dette sikrar at vi kan oppdage og reagere på mistenkelege aktivitetar effektivt.

I tillegg gjennomfører vi grundige kundekontrollar for å sikre at vi har tilstrekkeleg informasjon om våre kundar og deira transaksjonar. Dette bidreg til å redusere risikoen for at banken blir brukt til ulovlege føremål. Samla sett er denne årlege risikovurderinga ein kritisk del av vår strategi for å oppretthalde høge standardar for tryggleik og etterleving.

Styret har ansvaret for forsvarleg organiseringa av banken si verksemd og skal sørge for at banken møter krav og forventningar frå myndigheitene. Banksjefen har ansvaret for å utarbeide rutinar og arbeidsprosessar. Retningslinjene skal jevnleg oppdaterast i tråd med endringar i regulatoriske krav og risikosituasjonen. Banksjefen er ansvarleg for oppdatering og rapportering til styret minst årleg.

Banken skal ha ein risikobasert tilnærming der tiltak og ressursbruk vert tilpassa risikoen for kvitvasking og terrorfinansiering. Styringsdokumenta skal vere oppdaterte og tilpassa banken si risikovurdering, og dei skal vere tilgjengelege for tilsynsmyndigheitene. Det skal utarbeidast ei verksemdsinnretta risikovurdering som identifiserer risiko for kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonsbrot. Risikovurderinga skal danne grunnlaget for banken sine kundetiltak og løpande oppfølging av kundane.

Banksjefen har utpeika ein kvitvaskingsansvarleg på leiingsnivå som har ansvaret for at retningslinjene, rutinar og arbeidsprosessar etterlevast i organisasjonen. Den kvitvaskingsansvarlege skal ha kunnskap om kvitvaskingsregelverket og banken sin risiko, og skal rapportere direkte til styret og banksjefen kvartalsvis. Banken skal også ha ein opplæringsplan som omfattar intervall for opplæring og innhaldet i opplæringa.

Banken skal ha system for lagring og deling av informasjon i tråd med lova, og oppgåver kan utkontrakterast under visse vilkår, men ikkje ansvaret som kvitvaskingsansvarleg. Banken skal etablere tiltak for overvaking, oppfølging og forbetring gjennom internkontroll, som bidreg til å sikre at tiltaka er effektive og speglar risikoen. Internkontrollen er ein føresetnad for at risikovurderinga, rutinar og arbeidsprosessar skal kunne oppdaterast.

## Svindel

I 2024 har svindel utvikla seg til å bli eit stadig meir komplekst og omfattande problem i Noreg, noko som krev at vi som lokalbank må vere ekstra årvakne og proaktive i våre tiltak mot økonomisk kriminalitet.

Med den aukande digitaliseringa av banktenester har svindlarar utvikla stadig meir sofistikerte metodar for å utnytte sårbarheiter i digitale system. Dette inkluderer avanserte phishing-angrep, der svindlarar bruker falske e-postar og nettsider for å lure kundar til å gi frå seg personlege opplysningar og tilgang til bankkontoar.

Ein av dei mest utfordrande trendane er auken i svindel som involverer sosial manipulering. Svindlarar utnyttar psykologiske teknikkar for å manipulere kundar til å utføre transaksjonar eller gi frå seg sensitiv informasjon. Dette kan inkludere falske telefonoppringingar frå personar som gjer seg ut for å vere frå banken, politi eller andre truverdige institusjonar. Vi har derfor eit stort fokus på å auke bevisstheita blant kundane våre gjennom informasjonskampanjar og svindelarrangement.





Svindelarrangement for banken sine kundar

Kundeservice i Ørskog Sparebank blir stadig kontakta av kundar som sjølv oppdagar forsøk på svindel. Dette viser at klar og tydeleg informasjon til kundane våre er eit effektivt førebyggjande tiltak.

Årleg obligatorisk og temabasert opplæring innan økonomisk kriminalitet er no ein fast del av banken sine rutinar. Dette inkluderer opplæring i å identifisere mistenkelege aktivitetar, forstå nye svindelmetodar, og korleis ein skal reagere ved mistanke om svindel.

For å effektivt bekjempe svindel, har bankane i Noreg styrka samarbeidet med andre finansinstitusjonar, offentlege etatar som Økokrim, og internasjonale partnarar. Dette inkluderer deling av informasjon om svindelmetodar og mistenkelege aktivitetar, samt samarbeid om utvikling av felles tiltak og retningslinjer. Slike samarbeid er avgjerande for å kunne reagere raskt og effektivt på nye truslar.

I 2023 gjennomførte mange lokalbankar, inkludert Ørskog Sparebank, store systemoppgraderingar for å betre handtere økonomisk kriminalitet. Ved å ta i bruk nye teknologiske løysingar frå leverandørar som Tieto Evry, har bankane fått tilgang til meir avanserte verktøy for overvaking og analyse av transaksjonar. Dette har gjort det mogleg å oppdage og forhindre svindel på eit tidlegare stadium.

Banken og styret har eit sterkt fokus på sitt samfunnsansvar og lovpålagte ansvar knytt til bekjempelse av økonomisk kriminalitet. Dette inkluderer å sikre at alle tiltak og prosedyrar er i samsvar med gjeldande lovverk, samt å bidra til å skape eit tryggare økonomisk miljø for kundane våre. Eika Gruppen AS jobbar kontinuerleg med å oppdatere sine retningslinjer og prosedyrar for å møte dei nyaste krava og utfordringane i samfunnet.

For å kunne møte dei stadig meir komplekse truslane frå svindel, må vi vere proaktive og tilpassingsdyktige. Gjennom teknologiske investeringar, auka samarbeid, og fokus på opplæring og bevisstgjerjing, kan banken bidra til å redusere risikoen for svindel og beskytte kundane våre og samfunnet som heilskap.

## Korrupsjon

Korrupsjon er eit alvorleg problem som kan ha vidtrekkande konsekvensar for både økonomisk vekst og samfunnets tillit til institusjonar. For ein bank som er opptatt av bærekraft og langsiktig verdiskaping, er det avgjerande å forstå korleis korrupsjon kan undergrave desse måla. Ørskog Sparebank har nulltoleranse for korrupsjon. Dette gjeld både



internt, hos banken sine kundar og leverandørar. Banken har utarbeidd etiske retningslinjer som skal etterlevast til ei kvar tid. Dei etiske retningslinjene blir årleg godkjent av styret og gjennomgått med alle tilsette. Dei tilsette må også årleg bekrefte skriftleg at retningslinjene er lest og forstått.

Korrupsjon fører til ineffektiv ressursallokering, der ressursar blir tildelt basert på bestikkingar og ulovlege betalingar i staden for på grunnlag av produktivitet og innovasjon. Dette hindrar økonomisk vekst og reduserer konkurransevna til bedrifter og nasjonar. I tillegg skaper korrupsjon eit ikkje forutsigbart økonomisk miljø, noko som aukar risikoen for investeringar og kan føre til at investorar trekkjer seg ut av marknader der korrupsjon er utbreidd.

For ein bank er tillit heilt avgjerande. Kundar må kunne stole på at banken handterer pengane deira på ein trygg og ansvarleg måte. Korrupsjon kan skade banken sitt omdømme og føre til tap av kundar og forretningsmoglegheiter. I tillegg kan det føre til juridiske konsekvensar og store bøter, noko som ytterlegare svekkjer banken sin økonomiske posisjon.

For å motverke korrupsjon og sikre langsiktig verdiskaping, må vi som bank saman med andre finansinstitusjonar implementere strenge retningslinjer og prosedyrar for å avdekke og forhindre korrupsjon. Dette inkluderer styrking av internkontrollen gjennom å etablere robuste system som kan avdekke mistenkelege transaksjonar og ulovleg åtferd. Banken må sørge for at alle tilsette har nødvendig kunnskap om korrupsjonsregelverket og korleis dei kan identifisere og rapportere mistenkelege aktivitetar. Det må fremjast ein kultur for openheit og ansvarlegheit, der alle transaksjonar og avgjerder blir dokumenterte og kan etterprøvast. Det må vere eit aktivt samarbeid med offentlege myndigheiter og andre finansinstitusjonar for å dele informasjon og utvikle felles strategiar mot korrupsjon.

Ved å ta desse tiltaka i bruk kan banken bidra til å redusere korrupsjon, styrke tilliten til finanssystemet og sikre langsiktig verdiskaping for både kundar og samfunnet som heilskap.

## Innkjøp

---

Ørskog Sparebank har eit stort engasjement for berekraftige innkjøpspraksisar. Når det gjeld våre hovudleverandørar, har banken inngått avtalar med Eika Gruppen og TietoEvry. Desse avtalane er nødvendige på grunn av kostnadseffektivitet og den spesialiserte kompetansen desse leverandørane tilbyr. Vi har derfor ikkje andre reelle alternativ enn å handle med desse selskapa.

Når det gjeld innkjøp og handel knytt til praktiske føremål i banken, prioriterer vi å handle lokalt. Vi støttar lokale aktørar, og vi føretrekk å handle med våre eigne kundar når det er mogleg. Dette gjeld spesielt for profileringsartiklar, som vi i utgangspunktet bestiller lokalt med eit sterkt fokus på berekraft.

Vidare, når det er behov for handverkarar og vedlikehald av bygningsmassen, søker vi å handle så lokalt som mogleg. Dette bidreg ikkje berre til å støtte lokalsamfunnet, men reduserer også miljøpåverknaden ved å minimere transportbehovet.

Generelt sett er lokale innkjøp ein viktig del av vår berekraftsstrategi. Ved å støtte lokale leverandørar og handverkarar, bidreg vi til økonomisk vekst i vårt lokalsamfunn og fremjar ein meir berekraftig økonomi. Vi trur på å bygge sterke relasjonar med lokale bedrifter, noko som også kan føre til betre service og meir tilpassa løysingar for våre behov.



Vårt fokus på berekraftige innkjøp er ein del av vår overordna strategi for å redusere vårt miljøavtrykk og fremje sosial ansvarlegheit. Vi er forplikta til å gjere vårt for å sikre ei berekraftig framtid for komande generasjonar.

Eika Gruppen jobbar aktivt for å sørge for ei ansvarleg leverandørkjede. Ved å inngå avtalar med andre verksemder både i og utanfor Noreg, opnar ein også for auka ESG-risiko. Det er derfor viktig å stille tydelege krav, etterspørje dokumentasjon og ha ein tydeleg intern anskaffingsprosess for å vite at ein ikkje bidreg til t.d. brot på menneskerettar og unødvendige utslepp av klimagassar.

Det blei i 2021 sett i gang eit prosjekt for å etablere risikovurderingsmetodikk av negative sosiale eller miljømessige påverknader i verdikjeda. Prosjektet vil vidare formalisere krav på ESG til leverandørar og deira underleverandørar, og kontraktseigars oppfølging av dette. Ved ferdigstilling vil ESG-risikovurderingar og ESG-krav også bli nytta i jamleg vurdering av eksisterande avtalar. I Eika Gruppen skal alle innkjøpsavtalar vere eit resultat av tilbudsføresurnader i samsvar med fastsette retningslinjer.

## Avslutning

---



Vi avsluttar med banken sin visjon: «Med nærheit og god rådgiving skaper vi verdjar for ei betre framtid». Relatert til emnet berekraft, betyr det at banken gjennom sin aktivitet og rådgiving som finn stad i kundemøter søker å påverke åtferd:

- Motivere kundane til å gjere berekraftige kapitalinvesteringar
- Investerer i kompetanseheving, og gir tilsette ein god og trygg arbeidsplass.
- Innrettar banken slik at vi bidreg til å motverke kvitvasking, skatteunndraging m.m.
- Ha god forretningsstyring som opprettheld bankkonsesjonen.

Målsetjinga er at vi skal finansiere prosjekt som bidreg til lågare klimaavtrykk. Banken skal vakse lønnsamt og utan for stor risiko, slik at kapitalen vår kan kome framtidige generasjonar til gode.

Eika rapporterer ikkje på vesentligheit på vegne av alliansebankane etter 2024, så det blir eit stort og omfattande, men spennande arbeid for banken framover.

Sjølv om banken ikkje blir rapporteringspliktig dei første åra, vil det truleg bli forventat at banken rapporterer om berekraft på same måte som større rapporteringspliktige bankar.

## Rapporteringspliktige banker CSRD - estimert for 2024 basert på 1H24-tall



Vi skal bruke tida framover til å sette berekraft på agendaen hjå tilsette, kundar og leverandørar. Det skal bli ein naturleg del av samtalemalen til kunderådgjevarane både på kundeservice, personmarknad og bedrift. Og gjennom bruk av årshjul for berekraft og ved å ta i bruk stadig nye verktøy frå Eika, vil det bidra til betre rapportering og auke etterlevinga på berekraft i banken. Fokuset blir å få på plass konkrete tiltak innafor områder der banken har faktisk mogelegheit til å påverke.